

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Aurland kommune
Møtedato: Tirsdag 14. september 2021 kl 11:00
Møtestad: Møterom 216 frå kl 11.00, kommunestyresalen frå 11.30

SAKLISTE

15/2021 Godkjenning av møteprotokoll 08.06.2021
16/2021 Drøftingsaker, skriv og meldingar
17/2021 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2022

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Harald Mo, tlf: 95 26 13 40 eller e-post harald.mo@pwc.com

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 07.09.2021

Frode Bekkestad
Leiar (sign)

Harald Mo
Sekretariat

Kopi:
Ordførar
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 15/2021 Godkjenning av møteprotokoll 08.06.2021

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	14.09.2021	15/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 08.06.2021 vert godkjent

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	08.06.2021	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 08.06.2021

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Møtebok

Møtedato: 08.06.2021

Møtetid: Kl. 12:00-15:00

Møtestad: Rådhuset, kommunestyresalen

Saksnr.: 13/2021 – 14/2021

Følgjande medlem møtte	Parti
Frode Bekkestad, kontrollutvalsleiar	H
Kjell Nordgulen, nestleiar	Ap
Kristoffer Ullern Hansen	MDG
Siri Larsen Ramsøy	Ap

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Kristoffer Ullern Hansen	MDG	Monica Gjesdal Larsen	MDG
Erna Underdal Skarsbø	SP		

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Frode Bekkestad
Frå sekretariatet møtte:	Andrea Opseth, PwC
Frå administrasjonen møtte:	Rådmann
Frå revisjonen møtte:	
Andre som møtte:	Ordførar
Dokument utlevert i møtet:	Revisjonsmelding KPMG, konsolidert rekneskap
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel	Ope/lukka
13/2021	Godkjenning av møteprotokoll 27.04.2021	O
14/2021	Drøftingssaker, skriv og meldingar	O

Sak 13/2021 Godkjenning av møteprotokoll 27.04.2021

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Andrea Fardal Opseth	08.06.2021	13/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 27.04.2021 vert godkjent

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	27.04.2021	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møte 27.04.2021

08.06.2021 KONTROLLUTVALET

SAK 13/2021 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 27.04.2021 vert godkjent.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

Sak 14/2021 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Andrea Opseth	Møtedato 08.06.2021	Saknr 14/2021
---------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1a	28.05.2021	Aurland kommune	Arkivrutinar og dokumenthandsaming
1b	28.05.2021	Aurland kommune	Reglar for sakshandsaming i Aurland kommune
2a	28.04.2021 04.05.2021	NCOM	Klage - val av leverandør Tilleggsnotat – brot på reglane om karensperioden
2b	10.05.2021 07.05.2021	Aurland Hamnevesen Aurland Kommune	Reinhald Gudvangen – svar på klage av leverandør Vurdering av habilitet
3a	31.05.2021	Sekretariatet	Samanstilling av kontrollutvalet sitt budsjett, vedteke budsjett og reknskapsført beløp
3b	22.03.2021	Sekretariatet	Oversikt over faktura relatert til gransking
3c	03.05.2021	Kontrollutvalsleiar	E-post i frå kontrollutvalsleiar til sekretariatet
3d	15.04.2021	Aurland kommune	Budsjett til kontrollutval – ny vurdering
3e	11.05.2021	KPMG	Forvaltningsrevisjon Aurland kommune
4a	28.05.2021	Aurland kommune	Konsolidert reknskap 2020
4b		KMPG	Revisormelding, konsolidert reknskap (ettersendast)
5	25.05.2021	Monica H. Skjerdal	Ikkje offentleg, offl. §13
6	30.05.2021	Lars Arne Stundal	Svar på avvisning om kravet om refusjon av meirutgifter for utarbeiding av dispensjonssøknad
7	Mai 2021	Aurland kommune	Tertialrapport 1. tertial 2021 (ettersendast)

08.06.2021 KONTROLLUTVALET

Orienteringar:

Rådmannen orienterte om:

- Arkivrutinar og dokumenthandsaming, ref. kontrollutvalet sitt vedtak 09/2021. Forbetringpunkt som vart avdekka i forvaltningsrevisjon på området i 2017 er jobba med, og lukka. Dagens rutinar føl arkivlova. I kvart enkelt tilfelle vert det gjort ein vurdering på kva som er arkivverdig. Rådmann påpeikte utfordringar der det er fleire mottakarar, som fører til tilfelle av dobbeltregistrering, samt dersom saker kjem inn i ettertid. Det er ikkje avdekka alvorlege feil knytt til arkivrutinar og dokumenthandsaming.

Rådmannen sin vurdering er at rutinar og prosedyrar er følgt i dei konkrete sakene knytt til Bergset og Hauståker. I kvar enkelt sak vert det slik rutinane skildrar, gjort vurdering om saka er arkivverdig. Arkivet registrerer arkivverdig e-post i kommunen sitt sak-/arkivsystem på aktuell sakshandsamar og journalfører. E-post som vert vurdert som ikkje arkivverdig dokument, vert vidaresendt til aktuell mottakar og sletta. I dei aktuelle sakene er brevet frå Bergset vurdert som arkivverdig og journalført, medan Hauståker sin e-post er vurdert som ikkje arkivverdig og ikkje journalført.

- Endeleg handsaming av anonym melding behandla i møtet 27.04, ref. kontrollutvalet sitt vedtak 09/2021. Varselet og innhaldet er dokumentert, og sjekka ut av kommunen.
- Tertialrapport 1. tertial 2021. Rådmannen viser til ein krevjande situasjon i Aurland Kommune, der det er krevjande å halde rammene på ordinær drift. Rådmannen har bedt kvar eining om tiltaksliste for å møte desse utfordringane. Merknadar frå statsforvaltaren kring framstilling av budsjett og økonomiplan vart diskutert. Kontrollutvalet fekk moglegheit til å stille spørsmål.

Drøftingsaker:

Kontrollutvalet diskuterte handsaming av saker i formannskapet som er unntatt offentlegheita. Kontrollutvalet har ein generell innsyns- og undersøkingsrett i kommunen, og kan be om innsyn i saker der ein meina det er naudsynt for at kontrollutvalet skal kunne gjennomføre sine oppgåver.

Kontrollutvalet diskuterte vedlegg 2. Kontrollutvalet har i kopi motteke sak på klage på val av leverandør, knytt til reinhaldstenester i Gudvangen. Det er i tillegg røyst spørsmål kring habiliteten til hamnesjef, og brot om reglane om karenperioden. Kontrollutvalet merkar seg at habilitetsspørsmålet er handsama av Aurland hamnestyre, og at klagen er svara ut. Kontrollutvalet har ingen merknadar til saka, og vil påpeike at saka kan sjåast som ei enkeltsak som er lite naturleg skal handsamast av kontrollutvalet. Kontrollutvalet sin behandling vert oversendt til NCOM.

Kontrollutvalet diskuterte sak knytt til vedlegg 3. Konklusjonen er at kontrollutvalet er innanfor budsjettere midlar i 2020, og hittil i 2021. I saksutgreiing vart det avdekka at kommunen ikkje har vidarefakturert arbeidet med forvaltningsrevisjon på Simas, på omlag 300.000,- til samarbeidskommunane. Det er viktig at kommunen sikrar at dette vert gjort.

Kontrollutvalet handsama i møtet 27. april 2021 årsmelding og årsrekneskap til Aurland kommune, samt årsmelding og årsrekneskap til Aurland Hamnevesen. Basert på denne handsaminga og revisor si melding, tar kontrollutvalet det konsoliderte rekneskapen til vitande. Kontrollutvalet sin handsaming vert sendt til kommunestyret for orientering.

Møtet vart lukka under handsaming av vedlegg 5. Kontrollutvalet diskuterte skriv frå Monica H. Skjerdal, og viser til at dette er ei enkeltsak. Saka vert sendt vidare til rette vedkommande i kommunen. Kontrollutvalet sin behandling vert oversendt til Skjerdal.

Kontrollutvalet diskuterte sak knytt til Lars Arne Stundal. Kontrollutvalet vart gjort kjent med at saka framleis er under handtering i kommunen. Kontrollutvalet ber om opplysningar når saka er ferdigbehandla. Kontrollutvalet sin behandling vert oversendt til Stundal.

SAK-09/2021 VEDTAK:

Kontrollutvalet merkar seg at det anonyme varselet og innhaldet i dette, ref. kontrollutvalet sitt vedtak 09/2021, er dokumentert og sjekka ut av kommunen.

Kontrollutvalet er kjent med at kommunen har fått merknadar frå statsforvaltaren knytt til framstilling av budsjett og økonomiplan i samsvar med ny kommunelov, og at kommunen jobbar med å få dette på plass. Kontrollutvalet ynskjer oversendt stadfestingsbrev frå statsforvaltaren når dette føreligg.

Basert på tertialrapport for 1. tertial for 2021 merkar kontrollutvalet seg ein krevjande situasjon i Aurland Kommune. Rådmann peikar i saksutgreiing på utfordringar i dei ulike tenesteeiningane knytt til drift og Covid-19 situasjon. Kontrollutvalet oppfordrar kommunen og dei ulike einingane til høg budsjettdisiplin, samt å halde god kontroll med utvikling i drift framover.

Kontrollutvalet ber om opplysningar i saka knytt til Lars Arne Stundal når saka er ferdigbehandla.

Kontrollutvalet tek elles orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 16/2021 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 14.09.2021	Saknr 16/2021
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	03.09.2021	KPMG	Egenvurdering av uavhengighet
2a	29.04.2021	Aurland kommune	Eigarskapskontroll – oppfølging av kommunestyret sitt vedtak
2b		KPMG	Eigarskapskontroll, utdrag av rapport - sentrale funn og tilrådingar
3a	05.07.2021	Statsforvaltaren i Vestland	Aurland kommune – budsjett 2021 og økonomiplan 2021- 2024
3b	25.08.2021	Aurland kommune	Saksframstilling til formannskapet 2.9.2021 Stadfesting av budsjett 2021 og økonomiplan etter ny forskrift
4	17.06.2021	Aurland kommune	Kommunestyrevedtak 17.06.2021 Intensjonsavtale mellom IKT Nordhordland kommunalt oppgåve fellesskap (IKTNH) og Aurland kommune
5	17.06.2021	Aurland kommune	Kommunestyrevedtak 17.06.2021, Nytt økonomi og innkjøpsreglement
6	September 2021	Sekretariatet	Evaluering kontrollutvalet
7	August 2021	Forum for kontroll og tilsyn	Kontrollutvalgsleder-skolen

Orienteringar:

Rådmannen orienterer om:

- Vedtak i klagesak – Lars Arne Stundal

Sekretariatet orienterer om:

- Utøving av opsjon på avtale for sekretariatet

- Eigarsskapskontroll Aurland Eige, status i arbeidet med tilrådingane og arbeidsdeling mellom kommunen og selskapet

Drøftingsaker:

- Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid midtvegs i perioden jf. vedlegg 6
- Orienteringar i neste møte
- Kontrollutvalet si deltaking på kontrollutvalgsleder kurs jr. vedlegg 7

Forslag til vedtak, vedlegg 1:

Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumentet til vitande.

Forslag til vedtak, vedlegg 2a og 2b og orientering frå rådmannen:

Kontrollutvalet tek status i arbeidet med tilrådingane til vitande.

Forslag til vedtak, vedlegg 3a og 3b:

Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumenta til vitande.

Forslag til vedtak, vedlegg 4:

Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumentet til vitande.

Forslag til vedtak, vedlegg 5:

Kontrollutvalet tek innhaldet i dokumentet til vitande.



KPMG AS
Kanalveien 11
5042 Bergen

Telephone +47 04063
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Kontrollutvalget i Aurland kommune

3. september 2021

Egenvurdering av uavhengighet

I følge kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha god vandel. Departementet er i samme paragraf gitt fullmakt til å fastsette forskrift om krav til revisors uavhengighet og vandel. Dette er gjort i forskrift om kontrollutvalg og revisjon kapittel 3. Revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget (jfr forskriftens § 19).

Forskriftens krav til uavhengighet

I flg. forskrift om kontrollutvalg og revisjon stilles følgende krav:

1. § 16 Krav til revisors uavhengighet
Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.
2. § 17 Grenser for revisors tilknytningen til den reviderte virksomheten
Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis revisoren eller revisorens nærstående har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.
3. § 18 Grenser for hvilke stillinger, verv og tjenester som revisor kan ha
Revisor kan ikke:
 - a) ha andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen
 - b) ha andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av
 - c) være medlem av styrende organer i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av. Dette gjelder ikke hvis virksomheten utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap
 - d) delta i eller ha funksjoner i en annen virksomhet, hvis det kan føre til at revisorens interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren
 - e) utføre rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, hvis dette er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet

f) yte tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrolloppgaver

g) opptre som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt.1: Krav til revisors uavhengighet

Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Pkt.2: Grenser for revisors tilknytningen til den reviderte virksomheten

Undertegnede bekrefter at jeg eller mine nærstående (slik det er definert i forskriftens §17) ikke har en tilknytning til Aurland kommune, ansatte i kommunen eller tillitsmenn som er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet. Undertegnede bekrefter at dette også gjelder virksomhet som kommunen deltar i.

Pkt.3a og b: Ansettelsesforhold

Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.

Pkt. 3c: Styrende organer

Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.

Pkt. 3d: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit

Undertegnede og KPMG deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.

Pkt. 3e: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet

Undertegnede og KPMG yter ikke rådgivnings- eller andre tjenester overfor Aurland kommune som er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet

Pkt. 3f: Tjenester under Aurland kommunes egne ledelses- og kontrolloppgaver

Undertegnede og KPMG yter ikke tjenester som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.

Pkt. 3g: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige

Undertegnede og KPMG opptrer ikke som fullmektig for Aurland kommune.

Vennlig hilsen

 KPMG AS



Harald Sylta
Statsautorisert revisor



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/21	Kommunestyret	29.04.2021

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/214 - 21/3200	K1-037, K3-&58	Steinar Søggaard 95984633	23.04.2021

Oversending frå kontrollutvalet til kommunestyret vedtak sak 06/21 - Eigarskapskontroll - Aurland Ressursutvikling AS og Aurland Eige AS 2020

Saka gjeld:

Etter vedtak i kontrollutvalet i Aurland kommune 11 .02.20 har KPMG gjennomført ein eigarskapskontroll av Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS .

Tilråding frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet vil tilrå at kommunen, Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS følgjer opp tilrådingane i rapporten. Kontrollutvalet vil følgje opp arbeidet og be om statusrapport på oppfølging av tilrådingane i rapporten hausten 2021. Kontrollutvalet ynskjer å invitere inn styreleiar i Aurland Eige, for å informere om arbeidet til Aurland Eige og status i arbeidet med tilrådingane i dette møtet. Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.

Saksframlegg

Det vert vist til rapport etter eigarskapskontroll frå KPMG, saksframlegg og møteprotokoll frå Kontrollutvalet

29.04.2021 Kommunestyret

Handsaming i møte:

Sindre Dueland, KPMG presenterte rapporten frå eigarskapskontrollen.
Leiar i kontrollutvalet Frode Bekkestad var tilstades.

Røysting:

Framlegg frå kontrollutvalet: Samrøystes

KS-016/21 Vedtak:

Kontrollutvalet vil tilrå at kommunen, Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS følgjer opp tilrådingane i rapporten. Kontrollutvalet vil følgje opp arbeidet og be om statusrapport på oppfølging av tilrådingane i rapporten hausten 2021. Kontrollutvalet ynskjer å invitere inn styreleiar i Aurland Eige, for å informere om arbeidet til Aurland Eige og status i arbeidet med tilrådingane i dette møtet. Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.
Samrøystes

Vedlegg:

Oversending frå kontrollutvalet til kommunestyret vedtak sak 06/21 - Eigarskapskontroll - Aurland Ressursutvikling AS og Aurland Eige AS 2020

Møtebok sak 6

Saksutgreiing sak 6 Eigarskapskontroll Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS
Eigarskapskontroll Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS - Endelig rapport

4. Sentrale funn og tilrådingar

Her følger ein oppsummering av KPMG sine sentrale funn innanfor dei ulike problemstillingane.

I tillegg gir vi tilrådingar innanfor dei utvalde evalueringskriteriene KPMG vil her komme med tilrådingar på område der det i gjennomgangen er funne avvik eller forbedringspotensial. Tilrådingane er formulert på bakgrunn av vurderingane, og peikar på område kor det etter vår vurdering er hensiktsmessig at det gjerast forbedringstiltak.

Del 1: Overordna eigarskapsstyring og tydelege føringar

Utarbeiding av eigarskapsmeldingar

- ✓ Aurland Eige bør inkluderast som eget selskap i eigarskapsmeldinga til kommunen. Dette bør inngå i neste utgåve av eigarskapsmeldinga.
- ✓ Vi vurderer at kommunen i større grad bør utarbeida og strukturera oppsette og skildringane i eigarskapsmeldinga etter rettleiaren «KS: Anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll» si presentasjon av anbefalingane.
- ✓ Kommunen bør greie ut om selskapa sit samfunnsansvar knytt til miljø, likestilling, openheit, etikk og korleis Aurland kommune arbeide med tema. Dette manglar i den gjeldande eigarskapsmeldinga.

Utarbeiding og revidering av styringsdokument

- ✓ Vi vurderer at relevant styringsdokumentasjon er tilgjengeleg for Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS. Det er ikkje gjort oppdatering av dokumenter i Aurland Eige ettersom selskapet vert oppretta i slutten av 2019.

Samansettinga av styret

- ✓ Samansetning av styret i Aurland Eige, der folkevalde sit som styremedlemmer, følger ikkje prinsippa i Aurland kommunes eigarskapsmelding. For å sikre at praksis og prinsippa i eigarskapsmeldinga samstemmer, bør kommunen vurdere å oppdatere sin eigarskapsmelding dersom den ønsker å ha folkevalde i styret for Aurland Eige.

Kjønnsbalanse i styra

- ✓ Vi vurderer at styret i Aurland Eige oppfyller krav om kjønnsbalanse da en har minst 40% representasjon av kvart kjønn. Aurland kommunes eigarskapsmelding legger vekt på at det skal søkjast å sikre styresamansetning med god kjønnsbalanse. For Aurland Ressursutvikling vurderer vi at dette ikkje er godt ivaretatt, og anbefaler at kommunen gjennom Aurland Eige følger opp problemstillinga med de andre aksjonærene i ARU.

Rutinar for kompetanse

- ✓ Vi vurderer at det ikkje er etablert rutinar for kompetanse i Aurland Eige slik KS råder til, men at dette vil vurderast når styret opptar arbeidet høsten 2020. Det anbefalast å utarbeide slike rutinar, for å skape struktur rundt ansvars- og oppgåvefordeling, eigenevaluering, opplæring, årlig plan med mål, strategi og gjennomføring, og utgreiing for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport.

Del 2: Normer for god eigarstyring

Obligatorisk opplæring

- ✓ Vi vurderer at det har vært manglande opplæring av folkevalte i forhold til KS sin tilråding i Aurland kommune. Kommunen planlegger opplæring for kommunestyret etter førstkomande val, noe som bør følges opp. Opplæring bør formaliserast for å sikre at dette skjer på regelmessig basis og at kommunestyret har tilstrekkelig kunnskap og innsikt.

Eigarmøter

- ✓ Vi vurderer at det har vore eigarmøter i henhold til rettleiing frå KS i både Aurland Eige og Aurland Ressursutvikling. Aurland Eige har delteke i eigarmøter med kommunen og Aurland Ressursutvikling, og ARU har gjennomført eigarmøter med Aurland kommune som eigar.

Eigarorganet sin funksjon

- ✓ Vi vurderer at Aurland kommune har rutinar for kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet i sin eigarskapsmelding og kommunikasjonsformer som sikrar politisk avklaring av eigarorgana sin mynde. Folkevalde fra Aurland kommune er vald inn i styre i Aurland Eige AS.

Generalforsamlingar og representantskapsmøter

- ✓ Eigarskapspolitisk plattform gir retningslinjer for ønsket frist for innkalling på minst fire veker. Innkallinga er likevel innanfor krava i aksjelova (§ 5-10), og generalforsamlinga er dermed lovleg innkalla.
- ✓ Vi vurderer at Aurland Eige bør inkludere føresegn for innkalling til generalforsamling i sine vedtekter for å sikre at eigaren Aurland kommune og kommunestyre har tid til å handsame aktuelle saker, og sikre samstemming med kommunens Eigarskapspolitiske plattform.

Valkomité og styrenemningar

- ✓ Vi vurderer at Aurland Eige bør inkludere føresegn for bruk av valkomité sine vedtekter og utarbeide retningslinjer som regulerer deira arbeid. Det bør også vurderast å let nokon styremedlemmar ha overlappande valperiode for å vidareføre kunnskap om verksemda.

Arbeidsgjevartilhøyrse i sjølvstendige rettssubjekt

- ✓ Vi vurderer situasjonen som tilfredsstillande på noverande tidspunkt. For Aurland Eige vil det være aktuelt å vurdere medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon dersom dei skulle få egne tilsett i verksemda.

Habilitetsvurderingar

- ✓ Styret i Aurland Eige bør etablerer faste rutinar for å handtere moglege habilitetskonfliktar. Dette bør formaliserast skriftlig i styringsdokumenta.

Etiske retningslinjer

- ✓ Aurland kommune bør utforme rutinar for oppfølging av etiske retningslinjer og for å kontrollere at selskapa vert drive økonomisk, sosialt og miljøforsvarleg i samhøve med deira eigarskapsmelding.

Del 3: Fusjon av Aurland Ressursutvikling AS og Myrkdalen AS

Vi vurderer at styret i Aurland Eige AS er vald korrekt av generalforsamlinga i selskapet; vidare at ordføraren har hatt lovleg fullmakt til å opptre som generalforsamling i Aurland Eige AS.

Vi kan ikkje sjå bort frå moglegheita om at kommunestyret sin intensjon har vore å avgrense ordføraren si fullmakt til å opptre som generalforsamling i samband med val av styre i føretaket. Det er likevel ikkje fatta eit konkret vedtak om å gi ordføraren sin kompetanse som generalforsamling til nokon andre. Vi er av den oppfatning at rammene for styring av Aurland Eige AS etter vedtak 102/19

ikkje har hatt nødvendig fokus i internt i kommunen og difor ikkje har blitt etterlevd i praksis. Det er derimot ikkje tilstrekkelig grunn til å hevde at styret er ulovleg vald.

Sjølv om vedtaket internt i kommunen ikkje er praktisert i samsvar med vedtak 102/19, er det etter vårt syn ikkje tvil om at styret i Aurland Eige AS vart lovleg vald då ordføraren, som generalforsamling, valde styret.

Vi har òg vurdert rammene for styret i Aurland Eige AS sin kompetanse til å fatte vedtak om fusjon av dotterselskapet Aurland Ressursutvikling AS. Styret i Aurland Eige AS sin kompetanse er avgrensa av generalforsamlinga i styreinstruksen pkt. 5:

Følgjande krev tilslutnad frå generalforsamlinga i Selskapet:

- a) Avtale om kjøp eller sal av aksjar eller verksemder med ein verdi som samla overstig 20 % av konsernbalansen frå siste årsrekneskap.
- b) Anna investering som overstig 20 % av konsernbalansen frå siste årsrekneskap.
- c) Auke av den langsiktige renteberande gjelda i konsernet (i) med meir enn 20 % av konsernbalansen frå siste årsrekneskap eller (ii) som gjer at den samla renteberande gjelda i konsernet overstig 60 % av konsernbalansen frå siste årsrekneskap.

Det er ikkje gitt nokre innskrenkingar i ramma for styret sin moglegheit til å fatte vedtak om fusjon.

Saksbehandlinga har ikkje vore tilfredsstillande. Styret burde ha vore løypande orientert i planlegging og forarbeid til fusjonen. Sjølv om styret har vore uvanlig lite involvert, er den vurdering styret utførte i perioden fram mot 2. april, etter vårt syn oppfylling av styrets oppgåver i forbindelse med fusjonen. Fusjonsvedtaket er slik me ser det lovleg fatta.

Sjå nærare grunngjeving for denne vurderinga under punkt 3.3 i rapporten.



Aurland kommune
Vangen 1
5745 AURLAND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kåre Træen, 5764 3004

Aurland kommune – budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024

Aurland kommunestyre har i møta 05.11 og 10.12.2020, sakene 79/20 og 88/20 handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har den 18.01.2021 motteke saksdokumenta til orientering. Seinare, og fram til 20. juni, har det vore korrespondanse og møte mellom Statsforvaltaren og kommunen for å avklare om budsjettet og økonomiplanen er utarbeidd etter kommunelova med tilhøyrande forskrifter, og at økonomiske oversikter er i samsvar med kommunestyret sine vedtak. Etter at hovuddokumenta vart sendt 18. januar, har kommunen per 30. mars, 8. juni og 15. juni sendt nye/endra versjonar av økonomiske oversikter, både for budsjettet og økonomiplanen. Etter den siste versjonen per 15. juni, konkluderte kommunen 20. juni med at; «vedtaket i kommunestyret i samband med økonomiplan og budsjett ikkje er korrekte og tydlege nok i forhold til nytt oppsett jfr. ny kommunelov.

Aurland kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar.

Bakgrunn for økonomiske oversikter

I førearbeida til ny kommunelov er dei sentrale omsyna som ligg til grunn for økonomireglane omtalt. Det er framheva at kommunestyret skal ha ansvaret for styring og kontroll med økonomien til kommunen innafor dei rammene som lova set. Samtidig skal reglane støtte opp om ei økonomiforvaltning som skal ivareta den økonomiske handlefridomen lokalt. Økonomisk handlingsrom er ein premiss for moglegheita til å utøve lokal politikk. Økonomiforvaltninga skal òg ha som føremål å trygge det finansielle grunnlaget for kommunen sin produksjon av tenester. Balanse i budsjetta er avgjerande for å oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet og oppnå finansiell stabilitet. Reglane må vidare legge til rette for effektiv ressursbruk, og at kommunane innanfor rammefinansieringa har rom for å prioritere ressursbruken ut frå lokale behov.

Med dette som bakgrunn er dei økonomiske oversiktene eit grunnlag for kommunestyret sine prioriteringar og avgjerder for økonomi og tenester. Sentralt i dette er at kommunestyret sjølv skal vedta finansielle måltal, som skal fungere som rammer for budsjettet og økonomiplanen.



Kommunane skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevne blir vareteke over tid, og i den sammenheng er bruk av finansielle måltal nødvendig styringsinformasjon.

Nye økonomiske oversikter

I vårt brev til kommunane i Vestland av 05.11.2020 om *handsaming av budsjett og økonomiplan - innsending til Fylkesmannen*, vart det gjeve ei orientering om lov- og forskriftskrav og fristar for innsending av budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024. Dei viktigaste formelle presiseringar i brevet er:

- Etter at årsbudsjettet og økonomiplanen for 2021 – 2024 er vedteke av kommunestyret, ber vi kommunane snarast mogleg og seinast innan 30 dagar etter vedtaket å sende oppdaterte dokument til Fylkesmannen.
- Budsjettet og økonomiplanen skal vere utarbeidd, vedteke og oppsett etter kommunelova med tilhøyrande forskrift:
 - økonomiplanen og budsjettet skal settast opp i balanse for kvart år og vere realistiske, fullstendige og oversiktlege
 - vedtaket om årsbudsjettet skal angi beløpet for nye lån som skal takast opp i budsjettåret
 - økonomiplanen og årsbudsjettet skal innehalde oppstillingane:
 - løyvingsoversikter drift etter forskrifta § 5-4
 - løyvingsoversikter investeringar etter forskrifta § 5-5
 - økonomisk oversikt drift etter art, jf. forskrifta § 5-6
 - oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i planperioden, jf. forskrifta § 5-7
 - kommunestyret har ei plikt til å vedta finansielle måltal.

For Aurland kommune er det først og fremst avsetjingar til og bruk av fond i løyvingsoversiktene for drifta (jf. forskrifta § 5-4), som ikkje er avklara etter kommunestyret sitt vedtak. Nærmare gjeld dette avsetjingar og bruk av fond som kommunestyret sjølv har fastsett for tenesteområda, eller at kommunestyret har delegert mynde til å avsetje eller bruke av fond utover dei beløpa som dei sjølve har vedteke i budsjettet. Dette har òg konsekvensar for økonomisk oversikt drift (§ 5-6), ettersom kommunestyret sitt vedtak for netto driftsresultat og bruk og avsetjing av fond må stemme mellom oversiktene.

Kommunestyret har vedteke finansielle måltal for korrigert netto driftsresultat, gjeldsgrad, disposisjonsfond og storleiken på konsesjonsavgiftsfondet. Det er sentralt at økonomiplanen og budsjettet inneheld ein oversikt som viser netto driftsresultat når økonomiplanen og budsjettet blir vedteke av kommunestyret, slik at disponeringa av dette kan haldast opp mot måltala som er fastsette. Ettersom budsjettering av avsetjing til og bruk av fond ikkje var avklara i løyvingsoversiktene for drift i budsjettet, og at desse oversiktene ikkje var utarbeidde når kommunestyret handsama og vedtok økonomiplanen, betyr det at kommunestyret mangla viktig informasjon til prioriteringar og avgjerder for utvikling av økonomien til kommunen.

Kommunestyret gjorde nytt vedtak for opptak og bruk av lån i møtet 14.06.2021, og etter dette er det utarbeidd nye løyvingsoversikter for investeringar. Men det er ikkje etter kommunestyret sine vedtak utarbeidd oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i planperioden, jf. forskrifta § 5-7.



Konklusjon

Etter kommunelova sine reglar for økonomiforvaltning med tilhøyrande forskrifter, ber Statsforvaltaren Aurland kommune å utarbeide nye økonomiske oversikter for budsjett 2021 og økonomiplanen 2021 – 2024. Vi meiner at kommunestyret må handsame og vedta budsjett 2021 og økonomiplanen for 2021 – 2024 på nytt, slik at vedtaket til kommunestyret er fullstendig etter lov og forskrift, og at vi også har eit godt nok grunnlag til å kontrollere at budsjett og økonomiplan er i balanse. Vi set derfor ein frist til 25.09.2021 for innsending til Statsforvaltaren.

Etter at vi har motteke og gått gjennom dokumenta, sender vi eit budsjettbrev til kommunen. Dette blir og ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fung. statsforvaltar

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Sak no vedlegg 3b

AURLAND KOMMUNE

Rådmannen

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/974- 21/5623	K1-151	Beathe Ekhall Stentvedt 91111406	25.08.2021

Stadfesting av budsjett 2021 og økonomiplan etter ny forskrift

Saka gjeld:

Ny handsaming kor løyvingsoversiktane for økonomiplan og årsbudsjett sett opp etter ny forskrift.

Tilråding frå rådmannen:

1. Driftsbudsjettet for 2021 blir vedteke i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt i samsvar med driftsoversikt jfr forskrift § 5-4 og § 5-6.
2. Investeringar med finansiering for 2021 blir vedtekne i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt investeringar jfr forskrift § 5-5.
3. Kommunen skal oppnå minimum 2 % korrigert netto driftsresultat.
4. Gjeldsgraden skal ikkje overstige 75 %.
5. Disposisjonsfondet skal ikkje vere mindre enn 10 % brutto driftsinntekter.
6. Kommunen skal styrke konsesjonsavgiftsfondet og det skal ha ein storleik på minimum 20 mill. kroner 31.12.2023.
7. Kr 720.000 er lagt inn som kjøp av aksjar i investeringsbudsjettet for 2021. Dette er finansiert gjennom bruk av bunde fond (konsesjonsavgiftsfondet).

Saksframlegg

Ved handsaming av økonomiplan og årsbudsjett var løyvingsoversiktane sett opp etter gammel forskrift.

Løyvingsoversiktene skal settast opp etter ny forskrift § 5-4, § 5-5, § 5-6 og §5-7..

Etter dialog med Statsforvaltaren har vi konkludert med at vedtak KS-088/20 ikkje er korrekt og tydeleg nok i forhold til nytt oppsett.

For Aurland kommune vert det først og fremst avsetjingar til fond og bruk av fond i løyvingsoversiktene for drifta (§5-4) som ikkje var avklara etter kommunestyret sitt vedtak.

Det er no utarbeida nye løyvingsoversikter etter nytt oppsett. Det er ingen endring av rammer på einingane, bruk av fond eller måltal.

Eigenkapitaltilskot KLP er definert som aksjekjøp. Dette kan ikkje finansierast med bruk av lån. Kr 720.000 er lagt inn som kjøp av aksjar i investeringsbudsjettet for 2021. Dette er finansiert gjennom bruk av bunde fond (konsesjonsavgiftsfondet).

Uprenta vedlegg til saka:

Økonomiplan 2021-2024

Budsjett 2021

[Kapittel 5. Obligatoriske oppstillinger og opplysninger i økonomiplanen, årsbudsjettet og årsregnskapet. Frister for oversendelse til departementet](#)

Vedlegg til saka:

Løyvingsoversikt - drift § 5 - 4 første ledd

Løyvingsskjema § 5-4 andre ledd

Løyvingsskjema § 5-5 første ledd

Løyvingsoversikt § 5-5 andre ledd

Økonomisk oversikt drift § 5-6

Gjeldsgrad 2014 - 2024 § 5-7

Aurland kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/974- 21/5623	K1-151	Beathe Ekhall Stentvedt 91111406	25.08.2021

Stadfesting av budsjett 2021 og økonomiplan etter ny forskrift

Saka gjeld:

Ny handsaming kor løyvingsoversiktane for økonomiplan og årsbudsjett sett opp etter ny forskrift.

Tilråding frå rådmannen:

1. Driftsbudsjettet for 2021 blir vedteke i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt i samsvar med driftsoversikt jfr forskrift § 5-4 og § 5-6.
2. Investeringar med finansiering for 2021 blir vedtekne i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt investeringar jfr forskrift § 5-5.
3. Kommunen skal oppnå minimum 2 % korrigert netto driftsresultat.
4. Gjeldsgraden skal ikkje overstige 75 %.
5. Disposisjonsfondet skal ikkje vere mindre enn 10 % brutto driftsinntekter.
6. Kommunen skal styrke konsesjonsavgiftsfondet og det skal ha ein storleik på minimum 20 mill. kroner 31.12.2023.
7. Kr 720.000 er lagt inn som kjøp av aksjar i investeringsbudsjettet for 2021. Dette er finansiert gjennom bruk av bunde fond (konsesjonsavgiftsfondet).

Saksframlegg

Ved handsaming av økonomiplan og årsbudsjett var løyvingsoversiktane sett opp etter gammal forskrift.

Løyvingsoversiktene skal settast opp etter ny forskrift § 5-4, § 5-5, § 5-6 og §5-7..

Etter dialog med Statsforvaltaren har vi konkludert med at vedtak KS-088/20 ikkje er korrekt og tydeleg nok i forhold til nytt oppsett.

For Aurland kommune vert det først og fremst avsetjingar til fond og bruk av fond i løyvingsoversiktene for drifta (§5-4) som ikkje var avklara etter kommunestyret sitt vedtak.

Det er no utarbeida nye løyvingsoversikter etter nytt oppsett. Det er ingen endring av rammer på einingane, bruk av fond eller måltal.

Eigenkapitaltilskot KLP er definert som aksjekjøp. Dette kan ikkje finansierast med bruk av lån. Kr 720.000 er lagt inn som kjøp av aksjar i investeringsbudsjettet for 2021. Dette er finansiert gjennom bruk av bunde fond (konsesjonsavgiftsfondet).

Uprenta vedlegg til saka:

Økonomiplan 2021-2024

Budsjett 2021

[Kapittel 5. Obligatoriske oppstillinger og opplysninger i økonomiplanen, årsbudsjettet og årsregnskapet. Frister for oversendelse til departementet](#)

Vedlegg til saka:

Løyvingsoversikt - drift § 5 - 4 første ledd

Løyvingsskjema § 5-4 andre ledd

Løyvingsskjema § 5-5 første ledd

Løyvingsoversikt § 5-5 andre ledd

Økonomisk oversikt drift § 5-6

Gjeldsgrad 2014 - 2024 § 5-7

Aurland kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
053/21	Formannskapet	10.06.2021
045/21	Kommunestyret	17.06.2021

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
21/166 - 21/4282	K1-026, K1-060	Beathe Ekhall Stentvedt 91111406	02.06.2021

Intensjonsavtale mellom IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap (IKTNH) og Aurland kommune

Saka gjeld:

Oppfølging av vedtak KS-028/21 – IKT-driftsamarbeid – val av ny retning.

Intensjonsavtale mellom IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap (IKTNH) og Aurland kommune vert lagt fram for godkjenning.

Tilråding frå rådmannen:

Intensjonsavtalen mellom IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap (IKTNH) og Aurland kommune vert godkjent.

Saksframlegg

I sak 028/21 vart det vedteke:

- Aurland kommune trer ut av ÅLA-samarbeidet innan IKT 31.12.2021, jamfør KS-058/11.
- Rådmannen får mynde til å utarbeide avtale med IKTNH.
- Avtalen vert lagt fram for godkjenning i formannskapet 10. juni og kommunestyret 17. juni 2021.
- Det blir sett av kr. 500.000,- til overgangskostnadar og naudsynte investeringar.
- Investeringane blir finansiert ved omdisponeringar på investeringsbudsjettet, og blir lagt fram i samband med handsaminga av 1. tertial 2021.

Vurdering

Dei økonomiske forpliktingane deltaking i samarbeidet fører med seg som er omtala i punkt 2, punkt 3 og punkt 4 er vurdert i saksutgreiinga 028/21 under avsnitta Kostnadar som medlem i IKTNH og Overgangskostnadar - Eingongskostnad. Punkt 2 i avtalen gjeld drift, punkt 3 gjeld utvikling og punkt 4 gjeld overgangskostnadane.

Kartlegging og førebuande arbeid for sjølve overgangen er under arbeid.

Godkjenning av ny samarbeidsavtale i kommunestyra i alle deltakarkommunane medrekna Aurland vert i september 2021.

Uprenta vedlegg til saka:

Sak KS 028/21 - IKT-driftsamarbeid - val av ny retning

10.06.2021 Formannskapet

Handsaming i møte:

Røysting:

Framlegg frå rådmannen: Samrøystes

FS-053/21 Vedtak:

Intensjonsavtalen mellom IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap (IKTNH) og Aurland kommune vert godkjent.

Samrøystes

17.06.2021 Kommunestyret

Handsaming i møte:

Røysting:

Framlegg frå formannskapet: samrøystes

KS-045/21 Vedtak:

Intensjonsavtalen mellom IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap (IKTNH) og Aurland kommune vert godkjent.

Samrøystes

Vedlegg:

Intensjonsavtale mellom IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap og Aurland kommune

Intensjonsavtale
mellom
IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap
og
Aurland kommune

1. Denne intensjonsavtalen er utarbeidd på grunnlag av vedtak i Aurland kommunestyre og saksutgreiing frå IKT Nordhordland om utviding av samarbeidet, der Aurland kommune ønskjer å ta del i IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap.
2. Aurland kommune aksepterer fullt ut føresetnadene som ligg til grunn i den eksisterande samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap, medrekna dei økonomiske forpliktingane deltaking i samarbeidet fører med seg.
3. Aurland kommune aksepterer at deltakinga også fører med seg deltaking i Digitaliserings – og innovasjonsrådet knytt til Nordhordland utviklingsselskap, medrekna dei økonomiske forpliktingane denne deltakinga fører med seg.
4. Aurland kommune aksepterer følgjande prinsipp for deltaking i IKT-samarbeidet:
 - a. Aurland kommune må følgja same standardisering som eksisterande kommunar i samarbeidet.
 - b. Aurland forpliktar seg til å oppdatere fagapplikasjonar til same versjon som resten av IKT –samarbeidet, i tillegg til å løfta seg opp på M365.
 - c. Aurland kommune dekker kostnader for å oppgradera og stabilisere det kommunale nettverket
 - d. Særskilte kostnader for løysingar som ikkje er standard i IKTNH skal finansierast av Aurland kommune
 - e. Aurland vil investere i eit lokalt lager av klientutstyr.
5. IKTNH forpliktar seg til å førebu og gjennomføra alle prosessar og tiltak som er nødvendige for å sikra Aurland kommune ein best mogeleg overgang til nytt driftsmiljø.
6. Estimert tidsplan for gjennomføringa:
 - a. Juni 2021 – godkjenning av intensjonsavtalen
 - b. Juni 2021 - godkjenning av utvidinga i styret i IKTNH
 - c. August 2021 – godkjenning av ny samarbeidsavtale i representantskapet for IKTNH
 - d. September 2021 – godkjenning av ny samarbeidsavtale i kommunestyra i alle deltakarkommunane, medrekna Aurland
7. Dersom prosessen med godkjenning av ein eller annan grunn stoppar, og utvidinga ikkje blir gjennomført, vil IKTNH bistå Aurland kommune med alternative løysingar. I så fall skal arbeid frå IKTNH knytt til dette dekkast på timebasis.



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
061/21	Formannskapet	10.06.2021
053/21	Kommunestyret	17.06.2021

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
21/573 - 21/4171	K1-143, K3-800	Steinar Søggaard 95984633	02.06.2021

Nytt økonomi- og innkjøpsreglement

Saka gjeld:

Kommunen sitt økonomireglement er frå år 2001. Innkjøpsreglementet er frå 2006, og er utdatert etter terskelverdiane for innkjøp har vorte endra. Rådmannen tilrår no å samla desse to reglementa i eitt reglement for å gjere det meir oversiktleg. Reglementet gjeld og for kommunen sitt hamnevesen. Reglementet er utarbeidd saman med Lærdal kommune.

Tilråding frå rådmannen:

Aurland kommune vedtek nytt økonomi- og innkjøpsreglement. Reglementa erstattar tidlegare vedtekne økonomi- og innkjøpsreglement.

Saksframlegg

§ 14-2. Kommunestyrets og fylkestingets plikter

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta:

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet
- b) årsregnskapene og årsberetningene
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)

e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).

Kommunelova § 25-1 Internkontroll i kommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Etter kommunelova §14-2 er alle kommunar pliktige å vedta mellom anna økonomireglement

og finansielle måltal. Aurland kommune har hatt eit gammalt og utdatert økonomireglement, samt eit innkjøpsreglement som ikkje har vore oppdatert etter reviderte terskelverdiar i lovverket. Begge desse reglementa er no samla i dette reglementet.

Økonomireglementet utgjer ein del av det kommunale plansystemet. Gjennom Lov om planlegging og byggesaksbehandling kap. 10-11 er kommunar pålagd å ha heilskapleg planlegging og styring, og det skal være god kopling mellom kommune- og økonomiplanen. Kommunen si planlegging skal vise tydeleg samanheng mellom kommunen sin kommuneplan og dei ulike fag- eller sektorplanar som vedtakast. Særskilde sektor- eller fagplanar må forankrast i økonomiplan og årsbudsjett som inneheld løyvingane. Eventuelle arbeidsprogram eller verksemdsplanar i einingane, må bygge på vedteke årsbudsjett. Gjennom den samla økonomirapporteringa skal rådmannen rapportere ressursbruk og vedtekne mål, rapporteringa skal også syne utviklinga, og eventuelle avvik i forhold til dei målsettingane kommunestyret har vedtatt.

I forhold til kommunelova § 14-2, bokstav c), er det i dette reglementet lagt opp til finansielle måltal etter dei tilrådingane som teknisk berekningsutval har kome med:

- Netto driftsresultat på minst 1,75% av brutto driftsinntekter
- Gjeldsgrad mindre enn 75% av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond minst 10 % av brutto driftsinntekter.

Aurland kommune har ved utgangen 2020 ein gjeldsgrad på om lag 69%, men graden er sterkt stigande dei første åra i økonomiplanperioden. Dette er på grunn av veldig store investeringar og små moglegheiter for bruk av eigenkapital. Det er viktig å vise at gjeldsgraden til kommunen vil bli svært høg i forhold til dei tilrådingane kommunen har fått frå teknisk berekningsutval, og dette må legges føringar for investeringstakta framover.

Regelverket omtalar elles internkontroll, fullmaktsstruktur, økonomiplan, årsbudsjett og

rapportering.

På innkjøp har ein teke med miljø- og klimakrav, og vil kople dette opp mot kommunen sin komande samfunnsplan.

Det har vore fokus på å lage eit enkelt reglement som er enkelt å bruke for alle tilsette.

Reglementa har vore på høyring hjå revisor og til einingsleiarane i kommunen.

Det er innhenta eigen vurdering frå BDO knytt til økonomifullmakter og samanhengen mellom kommunen sin ordinære verksemd og Aurland Hamnevesen sin økonomiske bæreevne (vedlagt).

Vurdering

Vel så viktig som å ha oppdaterte reglement, er det å sikre at kommunen har ei utøving og praktisering av regelverket som er i samsvar med det som er vedteke.

Rådmannen sitt interkontrollansvar er forsterka i nytt regelverk gjeldande frå 1. januar 2021, og det er rådmannen sitt ansvar at me har rutinar for å gje tilsette opplæring i fagområda økonomi og innkjøp. Vidare må kommunen ha rutinar og internkontroll som førebygger avvik, og sikrar at det blir fanga opp eventuelle brot på regelverket om offentleg innkjøp.

Opplæring i dette er under planlegging for leiarar og medarbeidarar med økonomifullmakter.

Samanhengane og koblingane mellom kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjett, skal medverke til at folkevalde, rådmann og dei adminstrative leiarane jobbar koordinert og heilskapleg med planlegging og styring.

Rådmannen si vurdering er at det eit potensiale for å bli betre på den heilskaplege styringa.

Det er særst viktig å vere klar over samanhengen mellom kommunen sin ordinære verksemd og Aurland Hamnevesen sin økonomiske bæreevne. Det er Aurland kommune som i sum er ansvarleg for både kommunen og hamnevesenet sin gjeld og drift. Kommunestyret bør vere spesielt oppmerksom på dei utfordringar som betydeleg gjeldsauke i kommunen og i Aurland Hamnevesen KF vil kunne få for kommunen sitt framtidige tenestetilbod.

Uprenta vedlegg til saka:

10.06.2021 Formannskapet

Handsaming i møte:

Røysting:

Framlegg frå rådmannen: samrøystes

FS-061/21 Vedtak:

Aurland kommune vedtek nytt økonomi- og innkjøpsreglement. Reglementa erstattar tidlegare vedtekne økonomi- og innkjøpsreglement.

Samrøystes

17.06.2021 Kommunestyret**Handsaming i møte:****Røysting:**

Framlegg frå formannskapet: samrøystes

KS-053/21 Vedtak:

Aurland kommune vedtek nytt økonomi- og innkjøpsreglement. Reglementa erstattar tidlegare vedtekne økonomi- og innkjøpsreglement.

Samrøystes

Vedlegg:

Økonomireglement - Aurland kommune korr juni 2021

BDO notat vedr. Aurland Hamnevesen KF og økonomifullmakter

INNHALD

1	Bakgrunn for økonomireglement	2
1.1	Føremål med økonomireglement	2
1.2	Sentrale lovver og forskrifter knytt til kommunal økonomiforvaltning	2
1.3	Krav om helhetlig planlegging og styring	3
1.4	Krav til internkontroll	5
1.5	Oppbygging og innhold	5
2	Økonomifullmakter	6
2.1	Lovverk	6
2.2	Delegerte fullmakter	6
3	Økonomiplan	9
3.1	Lovverk	9
3.2	Kommunens finansielle måltal	9
3.3	Økonomiplan - drift	10
3.4	Økonomiplan - investering	10
4	Årsbudsjett	11
4.1	Lovverk	11
4.2	Driftsbudsjett	11
4.3	Investeringsbudsjett	12
4.4	Arbeidsprogram	12
5	Økonomirapportering	13
5.1	Lovverk	13
5.2	Rekneskapen	13
5.3	Tertialrapportering	14
5.4	KOSTRA-rapportering	14
5.5	Årsmelding	14
6	Anskaffing av Varer og tenester	15
6.1	Føremål og verkeområde	15
6.2	Lov- og regelverk og kommunale reglement, planar og retningslinjer	15
6.3	Miljøkrav	15
6.4	Kommunalinterne reglar	16
6.5	Arbeidsmiljø, løns- og arbeidsvilkår, etisk handel og andre samfunnsomsyn	16
6.6	Prosess for anskaffingar i klassisk sektor	17
6.7	Prosess for anskaffingar i forsyningssektoren	19
6.8	Krav til Kompetanse	19
6.9	Krav til bruk av konkurransegjennomføringsverktøy (KGV)	20
6.10	Krav til kontroll av varemottak og leveranse kvalitet	20
7	Kommunale eigarskap	21
7.1	Aurland Hamnevesen KF	21
7.2	ØkonomiFullmakter	21
7.3	krav til Økonomiplan, årsbudsjett, rekneskap og rapportering	22

1 BAKGRUNN FOR ØKONOMIREGLEMENT

Frå 1. januar 2020 er alle kommunar pålagde å ha eit økonomireglement. Kommunestyret skal sjølv vedta reglar for økonomistyringa (økonomireglement) etter [kommunelova § 14-2 bokstav d\) og reglar for finans- og gjeldsforvaltning \(finansreglement\) etter kommunelova § 14-2 bokstav e\).](#)

1.1 FØREMÅL MED ØKONOMIREGLEMENT

Eit internt økonomireglement utfyller økonomireglane i kommunelova med forskrifter, og er tilpassa kommunen sitt behov. Sentrale tema i økonomireglementet er interne reglar som bidreg til:

- ▶ god økonomistyring og måloppnåing,
- ▶ forsvarleg og effektiv økonomistyring,
- ▶ god internkontroll og
- ▶ som skal gje eit godt grunnlag for administrative og politiske vedtak.

Økonomireglementet skal vere kort og inneheld ikkje detaljerte rutinar, men visar til ei rekkje rutinar og prosedyrar der det er aktuelt.

Økonomireglementet gjeld for Aurland kommune og kommunale føretak, sjå kapittel 9 for særskilde reglar for kommunale føretak.

Kommunen har eige reglement for finans- og gjeldsforvaltninga (finansreglement), dette reglementet vart vedteke i kommunestyret i eiga sak, sak 0075/2017, den 26.10.2017.

1.2 SENTRALE LOVVER OG FORSKRIFTER KNYTT TIL KOMMUNAL ØKONOMIFORVALTNING

Utgangspunktet for reglementet er rammer og retningslinjer som følgjer av kommunelova med tilhøyrande forskrifter, her blant anna lov om offentlege anskaffingar, forvaltningslova, plan- og bygningslova, offentleglova, arkivlova og bokføringslova samt tilhøyrande forskrifter. Aktuelle lovverk og forskrifter for Aurland sitt økonomireglement er;


- ▶ [Lov 22.6.2018 nr. 83 og sist endra 21.6.2019 nr. 55 om kommunar og fylkeskommunar \(kommunelova\)](#)
- ▶ [Forskrift 07.6.19 nr. 714 om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar mv.](#)
- ▶ [Forskrift 18.11.19 nr. 1520 om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommunar og fylkeskommunar -](#)

- ▶ [Forskrift 18.10.2019 nr. 1412 om rapportering frå kommunar og fylkeskommunar mv. \(KOSTRA-forskrifta\)](#)
- ▶ [Forskrift 11.12.2019 nr. 1731 om beregning av samla selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyr \(selvkostforskriften\)](#)
- ▶ [Lov 17.06.2016 nr. 73 og sist endra 21.04.2017 nr. 18 om offentlige anskaffelser \(LOA\)](#)
- ▶ [Forskrift 12.08.2016 nr. 974 og sist endra 13.02.2020 nr. 159 om offentlige anskaffelser \(FOA\)](#)
- ▶ [Forskrift 12.08.2016 nr. 975 og sist endra 13.02.2020 nr. 159 om innkjøpsregler i forsyningssektorene \(forsyningsforskrifta\)](#)
- ▶ [Lov 10.02.1967 og sist endra 22.06.2018 nr. 83 om behandlingsmåten i forvaltningssaker \(forvaltningslova\)](#)
- ▶ [Lov 27.06.2008 nr. 77 og sist endra 26.05.2020 nr. 50 om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningslova\)](#)
- ▶ [Lov 19.05.2006 nr. 16 og sist endra 22.06.2018 nr. 83 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd \(offentleglova\)](#)
- ▶ [Lov 04.12.1992 nr. 126 og sist endra 15.06.2018 nr. 38 om arkiv \(arkivlova\)](#)
- ▶ [Lov 20.12.2018 nr. 114 sist endra 20.12.2019 nr. 96 om bokføring \(bokføringsloven\)](#)

I tillegg til nemnde sentrale lover og forskrifter kjem også kommunen sine øvrige retningslinjer og reglement. Kommunen følgjer bokføringslova, med tilhøyrande forskrifter, her blant reglar knytt til meirverdiavgift- og meirverdiavgiftskompensasjon er omhandla. Kommunen følgjer standardarar og anbefalingar frå [GKRS - Foreininga for god kommunal rekneskapsskikk](#).

1.3 KRAV OM HELHETLIG PLANLEGGING OG STYRING

Økonomireglementet utgjer ein del av det kommunale plansystemet. Gjennom [lov om planlegging og byggesaksbehandling kap. 10-11](#) er kommuner pålagd å ha heilskapleg planlegging og det skal være god kopling mellom kommune- og økonomiplanen. Figuren under illustrerer lovkrava knytt til samanhengen i det kommunale plansystemet, der planstrategien klargjer kva for planoppgåver kommunen burde starte opp eller vidareføre for å leggja til rette for ønska utvikling i kommunen. Kommunen si planlegging skal vise tydeleg samanheng mellom kommunens kommuneplan og dei ulike fag- eller sektorplanar som vedtakast. Særskilde sektor- eller fagplanar må forankrast i økonomiplan og årsbudsjett som inneheld løyvingane. Eventuelle arbeidsprogram eller verksemdsplanar i einingane, må bygge på vedtatt årsbudsjett. Gjennom den samla økonomirapporteringa skal rådmannen rapportere ressursbruk og vedtekne må, rapporteringa skal også vise utviklinga i, og eventuelle avvik i forhold til dei målsettingane kommunestyret har vedtatt.



Figur 1 - Skjematisk framstilling av "fireårshjulet" og "årshjulet" i det kommunale plansystemet. Kjelde: Gode Råd - Kommunal planstrategi og rullerende kommuneplanlegging i Nordland - Fylkesmannen i Nordland. Tilpassa av BDO.

I eit rullerande kommunalt plansystem vil to planhjul være i rørsle samtidig, årshjulet og fireårshjulet. Kvart fjerde år tek kommunestyret stilling til om den langsiktige kommuneplanen skal reviderast. Denne rulleringa refererast ofte til som fireårshjulet. I tillegg er årshjulet i rørsle med årleg rullering av handlingsdel med økonomiplan, årsbudsjett og årsmelding. Økonomireglementet skal gje ramane for korleis kommunen ynskjer at tilsette skal handle i økonomiforvaltninga slik at kommunen når årsbudsjettet og sine langsiktige målsettingar.

1.4 KRAV TIL INTERNKONTROLL

Etter [kommunelova § 25-1](#) skal kommunane ha internkontroll med administrasjonens verksemd for å sikre at lover og forskrifter vert følgt. Rådmannen i kommunen og fylkeskommunen er ansvarleg for internkontrollen og internkontrollsystemet.

Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemdas storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Det er eit krav at rådmannen skal:

- a) utarbeide beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- c) avdekke og følgje opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

Dette økonomireglementet er meint å beskrive den økonomiske internkontrollen på eit overordna nivå og inneheld prinsipp og retningslinjer som skal sikre at kravet til internkontroll er overhaldt.

1.5 OPPBYGGING OG INNHOLD

Økonomireglementet er samansett av fleire delar. For kvart tema presenterast først gjeldande lovverk med referansar til aktuelle lovparagrafar for kvart enkelt tema. Påfølgande beskrivast dei kommunalinterne rutineane for det aktuelle temaet.

Aktuelle tema i dette økonomireglementet er;

- ▶ Kapittel 1 Oversikt over lovmessig rammer
- ▶ Kapittel 2 [Økonomifullmakter](#)
- ▶ Kapittel 3 [Reglar for økonomiplan](#)
- ▶ Kapittel 4 [Reglar for årsbudsjett](#)
- ▶ Kapittel 5 [Reglar for økonomirapportering](#)
- ▶ Kapittel 6 [Reglar for rekneskapsføring](#)
- ▶ Kapittel 7 [Reglar for anskaffing av varer og tenester](#)
- ▶ Kapittel 8 [Reglar for internkontroll](#)
- ▶ Kapittel 9 [Reglar for kommunalt eigarskap](#)

For kvart tema presenterast først gjeldande lovverk med referansar til aktuelle lovparagrafar for kvart enkelt tema. Påfølgande beskrivast dei kommunalinterne rutineane for det aktuelle temaet.

Det er utarbeidd eige økonomireglement for kommunale føretak, det presenterast i kapittel 9.

2 ØKONOMIFULLMAKTER

2.1 LOVVERK

Rådmannen er etter [kommunelova §13-1](#) leder av kommunens administrasjon og har både utgreiings- og iverksettelsesplikt overfor kommunestyret og andre folkevalde organ. Etter [kommunelovas § 14-5](#) har rådmannen fullmakt til å disponere løyvingane som er vedtatt i årsbudsjettet.

2.2 DELEGERTE FULLMAKTER

Følgande økonomifullmakter er gjeldande i Aurland kommune.

#	Fullmaktsområde	Budsjettområde/Ansvar	Rådmannen har delegert vidare til	Merknad
1	Disponering av vedtatt budsjett (kompl. § 14-5)	100 - Politiske organ	Leiar Støtte og digitalisering	For detaljert oversikt over tenester tilhøyrande kvart budsjettansvar visast til årsbudsjett og budsjettdokument Sjå fullmaktsmatrise Gjeld både drifts- og investeringsbudsjettet. Rådmannen sin delegasjon er avgrensa til kr. 2 mill. for enkelt faktura, kontraktar, arbeidsavtaler osv I samsvar med godkjend betalingsplan, vil delegasjonen gjelde for betalingsforpliktinga samla
		110 - Sentraladministrasjon	Leiar for Støtte og digitalisering og leiar for Forvaltning og utvikling - fordelt på funksjonar	
		120 - Kultur	Tenesteleiar kultur	
		210 - ABU	Tenesteleiar Aurland Barne- og ungdomsskule	
		221 - Flåm barnehage	Tenesteleiar Flåm barnehage	
		222 - Vangen barnehage	Tenesteleiar Vangen barnehage	
		230 - Flåm skule	Tenesteleiar Flåm skule	
		300 - Helse og forebygging	Tenesteleiar	
		301 - NAV	Tenesteleiar NAV	
		310 - Pleie og omsorg	Tenesteleiar	
2	Budsjett-tekniske korreksjonar, endringar m.v	311 - Bu- og miljøtenester	Tenesteleiar	
		500 - Teknisk	Tenesteleiar teknisk	
		Sjå fullmaktsområde 1	Som for fullmaktsområde 1.	Rådmannen kan flytte budsjettpostar, tenester og opprette nye einingar,

				så lenge dei ikkje medføre endring av samla netto utgift for kommunen samla.
3	Attestasjon	Innanfor eige tenesteområde		Sjå dokumentet «Tilvising fullmakter 2020»
4	Betalings- og bankfullmakt	Økonomisjef		Alle utbetalingar frå kommunen skal godkjennast av to personar
5	Anskaffing av varar og tenester	Sjå fullmaktsområde 1	Sjå fullmaktsområde 1	Rådmannen sin delegasjon er avgrensa til kr. 2 mill. for enkelt faktura, kontraktar, arbeidsavtaler osv
6	Tilvisningsmynde	Sjå fullmaktsområde 1	Ingen tilsette kan tilvise egne utlegg.	Sjå dokumentet «Tilvising fullmakter 2020». Rådmannen sin delegasjon er avgrensa til kr. 2 mill. for enkelt faktura, kontraktar, arbeidsavtaler osv
7	Opprette og inndra stillingar	Vidaredelegerast ikkje		
8	Særnamnsmynde	Økonomisjef		Link til rutinar
9	Avskrivning av krav	Økonomisjef		Link til rutinar
10	Fremme krav i konkursbu	Økonomisjef		Link til rutinar
11	Krisehandsame	Vidaredelegerast ikkje	Inntil 2 million kroner.	
12	Bruk og avsetning av fond			Bruk og avsetning i fond fremjast i budsjettsaka til kommunestyret.

	Eventuelle endringer gjennom året skal vedtakast i kommunestyret.
	Rådmannen har fullmakt til å disponere kommunen sitt lønsreguleringsfond, HMS-fond og kompetansefond.

Tabell 1: Delegerte økonomifullmakter

Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre endringer i reglementet som er av teknisk og administrativ art. Vidare har rådmannen fullmakt til å endre delegasjonar og fullmakter til dømes ved endringer i organisering eller struktur.

Fullmakter delegert frå kommunestyret til styret i Aurland Hamnevesen KF visast i kapittel 7.


3 ØKONOMIPLAN

3.1 LOVVERK

Kommunestyret skal etter [kommunelovas § 14-2](#) årleg vedta ein rullerande økonomiplan som omfattar dei fire neste budsjettåra.

Økonomiplanen skal;

- ▶ syne kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar, samt dei måla og premissa som økonomiplanen byggjer på
- ▶ vere kopla til kommuneplanens samfunnsdel
- ▶ syne utviklinga i kommunen sin økonomi, utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar, [kommunelova §14-2](#) og [§14-7](#)
- ▶ vere samansett av ein driftsdel og ein investeringsdel, og oppstillinga skal innehalde kolonne for siste års rekneskap, inneverande års budsjett og budsjett for alle 4 åra i kommande økonomiplan.



Figur 2- Skjematisk framstilling av "årshjulet" i det kommunale plansystemet.

Kjelde: Gode Råd - Kommunal planstrategi og rullerande kommuneplanlegging i

Formannskapet skal utarbeide innstilling til kommunestyret sin økonomiplan ([§ 14-3](#))

3.2 KOMMUNENS FINANSIELLE MÅLTAL

Kommunen er pliktig til å fastsette og rapportere på finansielle måltal for kommunens utvikling.

Aurland kommune har målsetting om ein sunn kommuneøkonomi og følgjer Teknisk berekningsutval (TBU) sine anbefalingar;

- ▶ Netto driftsresultat på minst 1,75% av brutto driftsinntekter
- ▶ Gjeldsgrad mindre enn 75% av brutto driftsinntekter
- ▶ Disposisjonsfond minst 10% av brutto driftsinntekter

Dei finansielle måltala gjeld for kommunar si ordinære drift, og inkluderer ikkje tilhørande kommunale føretak.

3.3 ØKONOMIPLAN - DRIFT

Kommunens samla drift skal innarbeidast i økonomiplanens driftsdel, og planen skal syna prioriteringar og løyvingar til dei underliggande einingane i kommunen. Økonomiplanen sin driftsdel skal også innehalde utviklinga i gjeld og andre langsiktige forpliktingar.

- ▶ Rådmannen utarbeider forslag til driftsplan og kva for driftsprosjekt som bør gjennomførast.
- ▶ Formannskapet innstiller overfor kommunestyret.
- ▶ Kommunestyret vedtek driftsplanen til dei ulike formåla/einingane.
- ▶ Driftsrammeløyvingane skal syna dei einskilde tenesteområda sine ulike bevillingar og føremåla kvart år i perioden. Driftskonsekvensar av investeringsprosjekt skal og synleggjerast.
- ▶ Driftsplanen skal syna nivået på dei finansielle måltal for ei langsiktig styring av kommunens økonomi

Denne lenka visar eit eksempel på økonomiplan drift, som gjeld perioden [2021-2024](#). Sjå kapittel 6.2 side 37. Kommunestyret bestemmer eventuelle endringar i oppsett og detaljnivå.

3.4 ØKONOMIPLAN - INVESTERING

Alle investeringsprosjekt skal innarbeidast i økonomiplanens investeringsdel. Planen skal vise alle løyvingar til bygg, anlegg og utstyr. I tillegg skal planen innehalde planlagde utlån (dvs. formidlingslån), mottekne avdrag på desse utlåna, kjøp og sal av aksjar og sal av eigedomar. Investeringar vedtakast per prosjekt. Driftskonsekvensar av investeringar skal synleggjerast.

- ▶ Rådmannen utarbeider forslag til investeringsplan og kva for investeringar som bør gjennomførast.
- ▶ Formannskapet innstiller overfor kommunestyret.
- ▶ Kommunestyret vedtek rammeløyvingar til dei ulike formåla
- ▶ Rammeløyvingane skal vise dei einskilde investeringsobjekta
- ▶ Investeringsprosjekt som går over fleire budsjettår skal takast inn i investeringsbudsjettet med den delen av utgiftene til prosjektet som kan påreknast i det enkelte budsjettår
- ▶ Investeringsplanen skal syna fullfinansiering for heile økonomiplanperioden
- ▶ Investeringsprosjekt som går over fleire år skal ha eit samla kostnadsoverslag med tilhøyrande finansieringsplan før tiltaket vert vedteke starta opp.

Lenka viser eit utdrag frå økonomiplan investering for perioden [2021-2024](#).


4 ÅRSBUDSJETT

4.1 LOVVERK

Kommunestyret skal etter [kommunelovas § 14-4](#) kvart år vedta eit årsbudsjett.

Årsbudsjettet skal;

- ▶ delast opp i eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett,
- ▶ syne kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar, samt dei måla og premissa som årsbudsjettet byggjer på, jamfør [kommunelova §14-4](#)
- ▶ syne utviklinga i kommunen sin økonomi, utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar, [kommunelova §14-2](#) og [§14-8](#)
- ▶ angi kor mykje lån som skal takast opp i budsjettåret, [kommunelova §14-4](#)
- ▶ dekke inn tidlegare års meirforbruk i driftsregnskapet og beløpa som ikkje er dekkja i investeringsregnskapet etter reglene i [kommunelova § 14-11](#) og [§ 14-12](#).



Figur 3 - Skjematisk framstilling av "årshjulet" i det kommunale plansystemet. Kjelde: Gode Råd - Kommunal planstrategi og rullerende kommuneplanlegging i Nordland - Fylkesmannen i Nordland. Tilpassa av BDO.

Formannskapet skal utarbeide innstilling til kommunestyret økonomiplan i tråd med [kommunelova § 14-3](#)

4.2 DRIFTSBUDSJETT

Driftsbudsjettet skal syne kommunestyrets prioriteringar og dei økonomisk rammene som er fastset til disponering for dei ulike tenestoområda inneverande år.

- ▶ Rådmannen utarbeider forslag til driftsbudsjett og tildelingar til kvart tenestoområde. Det utarbeidast eige budsjett for konsesjonsavgiftsfondet. Det skal utarbeidast eigen budsjettpost for HMS-fondet, kompetansefondet og lønnsreguleringsfondet
- ▶ Formannskapet innstiller overfor kommunestyret.
- ▶ Kommunestyret vedtek årsbudsjettet og eventuelle endringar gjennom året
- ▶ Driftsbudsjettet skal vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar, og dei måla og premissane som årsbudsjettet byggjer på.

- ▶ Tildelingane løyvast som netto driftsrammer for kvart tenesteområde

Lenka viser eit utdrag frå økonomiplan investering for perioden [2021-2024](#).

4.3 INVESTERINGSBUDSJETT

Alle investeringsprosjekt som gjennomførast i budsjettåret skal innarbeidast i budsjettet sin investeringsdel, og budsjettet skal vise alle løyvingar til bygg, anlegg og utstyr. Vidare skal budsjettet innehalde planlagde utlån (dvs. formidlingslån), mottekne avdrag på desse utlåna, kjøp og sal av aksjar og sal av eigedomar. Driftskonsekvensar skal synleggjerast.

- ▶ Rådmannen utarbeider forslag til investeringsbudsjett og tildelingar til kvart tenesteområde
- ▶ Formannskapet innstiller overfor kommunestyret.
- ▶ Kommunestyret vedtek årsbudsjettet
- ▶ Investeringsprosjekt som går over fleire budsjettår skal takast inn i investeringsbudsjettet med den delen av utgiftene til prosjektet som kan påreknast i det aktuelle budsjettåret. Det skal liggja føre vedtak om total kostnadsramme for fleirårige enkeltprosjekt.
- ▶ Vesentleg avvik i framdrift og kostnad krev budsjettregulering gjennom året. Unytta løyvingar i eit årsbudsjett skal og innarbeidast i neste års budsjett. Dette kan gjerast i det ordinære budsjettvedtaket eller i samanheng med ei budsjettregulering.
- ▶ Investeringsbudsjettet vert fastsett som brutto utgifter og inntekter pr. rammeløyvingsområde. For investeringar i eit enkelt anleggsmiddel der brutto investeringsutgift er meir enn ein million kroner, skal investeringa visast med brutto utgifter og inntekt pr. investeringsprosjekt.
- ▶ Når eit prosjekt kjem til investeringsløyving i årsbudsjettet, skal prosjektet vere tilstrekkeleg utgreidd og kvalitetssikra.
- ▶ Før iverksetjing av investeringsprosjekt skal prosjektet vere fullfinansiert.

4.4 ARBEIDSPROGRAM


Kommunale einingar kan utarbeide verksemdsplanar eller arbeidsprogram som skal gjennomførast for å realisere måla fastsett i kommuneplanen, sektorplanar, økonomiplan og vedtatt årsbudsjett. Rådmannen har fullmakt til å avgjere behovet for og innhaldet i slike plan- eller arbeidsprogram.

5 ØKONOMIRAPPORTERING

5.1 LOVERK

Rådmannen skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter samanlikna med vedtatt årsbudsjett [kommunelova §14-5](#).

Rekneskapsføringa skal utførast i samsvar med god kommunal rekneskapskikk. Kommunal rekneskapsstandar gjeve av [GKRS](#) har rettsleg verknad for kommunen si rekneskapsføring.



Figur 4 - Skjematisk framstilling av "årshjulet" i det kommunale plansystemet.

Kjelde: Gode Råd - Kommunal planstrategi og rullerende kommuneplanlegging i

Nordland - Fylkesmannen i Nordland. Tilpasset av BDO

5.2 REKNESKAPEN

Kommunen skal utarbeide både eit driftsrekneskap og eit investeringsrekneskap. Rekneskap skal førast brutto. Det skal ikkje gjerast frådrag for tilhørande inntekter på utgiftspostar. I praksis vil dette sei at alle utgifter/utbetalingar må visast med brutto sum. Tilsvarende for inntekter/innbetalingar.

Årsrekneskapen består av følgjande dokument:

1. Løyvingsrekneskap som består av drift- og investeringsrekneskap
2. Balanserekneskap
3. Økonomiske oversikter, jfr. rekneskapsforskrifta
4. Noter
5. Nasjonal rapportering (KOSTRA)
6. Årsmelding

Fagsjef for rekneskap har ansvar for dokumenta i punkt 1-5. Rådmannen har ansvar for årsmeldinga.

Overføringar til og frå fond gjennomførast ved kommunestyrevedtak. Det skal gjennomførast justeringar som salderer drift, samt disposisjonar ved årsavslutning. For overføringar til og frå fond er det ikkje delegert særlege fullmakter til rådmannen.

Aurland kommune følger bokføringsloven og regnskapsloven, og utarbeider årsrekneskap for drift og investering slik det er stadfesta i lov, forskrift og GKRS-standardar.

Aurland og Lærdal kommune har utarbeidd felles regnskapsrutinar.

5.3 TERTIALRAPPORTERING

Rådmannen utarbeider økonomirapportar til formannskapet for vidare handsaming i kommunestyret. Rapportane skal innehalde;

- ▶ ei vurdering av rekneskap samanlikna med budsjett, samt prognosar for budsjettåret
- ▶ melding om eventuelt avvik i høve til framdrift, kostnader og finansieringsplan knytt til investeringsbudsjettet
- ▶ ei vurdering av andre vesentlege opplysingar av betydning for kommunen sin økonomiske situasjon, inkludert finansielle måltal
- ▶ ei vurdering av kommunens finansforvaltning
- ▶ dersom utvikling tilseier vesentlege avvik, skal rådmannen føreslå endringar i årsbudsjettet

Tertialrapport leggjast fram på første formannskapsmøte etter 25. mai og 25. september.

5.4 KOSTRA-RAPPORTERING

Kommunen skal rapportere tenesteproduksjons- og økonomidata til Statistisk Sentralbyrå. Talmaterialet omfattar økonomi, skoler, helse, kultur, miljø, sosiale tenester, busetnader, tekniske tenester og samferdsel. Formålet med KOSTRA er å kople saman tenesteproduksjonsdata (type tenester, tal produserte einingar, personellinnsats årsverk/timar, brukarar m.m.) med økonomidata (utgifter og inntekter pr. funksjon). Samanstillinga gjev informasjon om prioritet, produktivitet og dekningsgrader i høve til kommunen sine ulike brukargrupper. Gjennom denne rapporteringa vert det produsert nøkkeltal i tre nivå. Nøkkeltala er relevante for kommunen si styring.

Rapporteringa av økonomidata byggjer på artar og funksjonar i samsvar med eigen forskrift. Kommunen si økonomimodell må ta omsyn til [rapporteringskrava i KOSTRA](#).

5.5 ÅRSMELDING

Rådmann skal årleg utarbeide ein rapport som inneheld kommunen sitt årsregnskap samt ein detaljert beskriving av organisasjonens drift i gjennom året. Årsmeldinga skal svare ut prioriteringar vedtatt i kommunen sin økonomiplan, samt inneverande årsbudsjett for drift og investering. Kommunestyret vedtek årsmeldinga

6 ANSKAFFING AV VARER OG TENESTER

6.1 FØREMÅL OG VERKEOMRÅDE

Reglementet gjeld for alle typar innkjøp og anskaffingar til Aurland kommune si verksemd, og har som overordna siktemål å sikre effektiv utnytting av kommunen sine ressursar. Tilsvarande skal reglementet bidra til at kommunen opptrer med integritet, slik at allmennheita har tillit til at offentlege anskaffingar skjer på ein samfunnstenleg måte.

Aurland kommune deltek i INSS-samarbeidet saman med kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn, med Kinn kommune som vertskommune. Kinn kommune sitt innkjøpsreglement ligg til grunn for samarbeidet, og har forrang framfor dette reglementet når anskaffingar blir gjort av innkjøpssamarbeidet.

Alle tilsette involvert i kommunen sine innkjøp plikter å setje seg grundig inn i innkjøpsreglementet, gjeldande lover og forskrifter samt å innrette kommunen sin innkjøpspraksis i samsvar med desse. Likeins plikter tilsette å setje seg inn i kommunen sine etiske retningslinjer og å sikre at kommunen står fram som ein ansvarleg innkjøpar.

6.2 LOV- OG REGELVERK OG KOMMUNALE REGLEMENT, PLANAR OG RETNINGSLINER

Lover og forskrifter som regulerer kommunen sin innkjøpspraksis er gjort greie for i punkt 1.2 i dette økonomireglementet. Likeins er delegerte fullmakter som følgjer av kommunen sitt delegasjonsreglement og som påverkar innkjøpspraksisen gjort greie for i punkt 2.2.

I tillegg til lov- og regelverk legg kommunale retningslinjer rammer for kommunen sin innkjøpspraksis. Kommunen sine etiske retningslinjer skal saman med dette økonomi- og innkjøpsreglementet vere styrande for korleis kommunen opptrer som innkjøpar. Vidare står kommunen sin rolle som miljømedviten innkjøpar av varer og tenester sentralt i dei prioriterte tiltaka som framgår av Kommunedelplan for energi og klima (2011-2020).

6.3 MILJØKRAV

Det følgjer av [lov for offentlige anskaffelser § 5](#) at offentlege oppdragsgjevarar skal «innrette sin anskaffelsespraksis slik at den bidrar til å redusere skadelig miljøpåverknig, og fremme klimavennlige løysningar der dette er relevant». I tråd med desse føringane og handlingsplan for klima (kommuneplanen) vil Aurland kommune nytte innkjøpsmakta si som verkemiddel i arbeidet med det grøne skiftet og stille relevante miljøkrav der det er aktuelt.

6.4 KOMMUNALINTERNE REGLAR

6.4.1 Ansvar og mynde

Kommunedirektøren/Rådmannen

- ▶ Har fått delegert fullmakt frå kommunestyret i innkjøpssaker, jf delegasjonsreglementet.
- ▶ Er ansvarleg for etablering, implementering og vedlikehald av dette reglementet.
- ▶ Kan delegere sine fullmakter i innkjøpssaker vidare til innkjøpsleiar og/eller tenesteleiar. Dette innanfor tenestene sine eigne budsjett. Tenesteleiar kan om nødvendig delegere vidare delar av fullmaktene i samsvar med gjeldande administrativt delegasjonsreglement.

6.4.2 Strategiske omsyn på anskaffingsområdet

Aurland kommune skal vere ein krevjande oppdragsgjevar, og kommunen sin innkjøpspraksis skal vere kjenneteikna ved ansvarleg og profesjonell forvaltning av fellesskapet sine ressursar.

Aurland kommune sin innkjøpspraksis skal, så langt det er mogleg innanfor rammene av lov- og regelverk, prioritere lokalt og regionalt næringsliv og slik bidra til konkurransedyktige lokale/regionale alternativ. Kommunen skal gjennom marknadsdialog og andre verkemiddel stimulere det lokale næringslivet til å kvalifisere seg og/eller etablere samarbeid som kan gjere dei konkurransedyktige i kommunale innkjøpsprosessar.

6.4.3 Samarbeid

Aurland kommune deltek i INSS-samarbeidet med andre kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn, med Kinn kommune som vertskommune. Gjennom dette samarbeidet oppnår kommunen tilgang til innkjøpskompetanse, auka innkjøpsmakt, stordriftsfordelar i avtaleforvaltninga og styrka kvalitet i kommunen sin innkjøpspraksis.

6.4.4 Digitalisering

Aurland kommune skal bruke tilgjengelege verktøy for å digitalisere arbeidsprosessane knytt til kommunale innkjøp. Kommunen skal etterspørje Efaktura frå leverandørane, gjere bruk av konkurransegjennomføringsverktøyet EU Supply ved inngåing av nye kontraktar og VISMA Ehandel for bestilling/avrop på eksisterande avtalar

6.5 ARBEIDSMILJØ, LØNS- OG ARBEIDSVILKÅR, ETISK HANDEL OG ANDRE SAMFUNNSOMSYN

Aurland kommune skal vere ein ansvarleg offentleg oppdragsgjevar og stille krav til arbeidsmiljø og løns- og arbeidsvilkår som sikrar at ILO sine kjernekonvensjonar vert haldne, at menneskerettar ikkje vert brotne og at varer og tenester blir produserte i samsvar med internasjonalt anerkjende standardar for arbeidsforhold og miljøomsyn.

Aurland kommune skal i relevante konkurransar stille kontraktskrav om at tilbydarar er tilknytta læringoordning, og at ein eller fleire lærlingar skal delta i gjennomføringa av kontrakten. Aurland kommune skal stille kontraktskrav om løns- og arbeidsvilkår i teneste- og bygge- og anleggskontraktar i samsvar med Lov om offentlige anskaffelser § 6.

6.6 PROSESS FOR ANSKAFFINGAR I KLASSISK SEKTOR

6.6.1 Lovverk

Det følger [lov om offentlige anskaffelser § 4](#) at offentlege anskaffingar, uansett verdi, skal vere:

- ▶ Baserte på konkurranse
- ▶ Sikre likebehandling
- ▶ Vere føreseielege
- ▶ Vere etterprøvbare
- ▶ Vere forholdsmessige

6.6.2 Terskelverdiar

Kva for reglar som gjeld for ei anskaffing er avhengig av estimert total verdi for anskaffinga, inkludert opsjonar. Ei slik estimering av total verdi skal vere forsvarleg og i samsvar med lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Det er t.d. ikkje høve til å dele opp anskaffingar som naturleg høyrer saman for å tilpasse seg desse terskelverdiane. Estimert total verdi bestemmer kva for delar av regelverket som er aktuelt, og er regulert av terskelverdiar som vert fastsette av Nærings- og fiskeridepartementet annakvart år.

Gjeldande terskelverdiar i klassisk sektor pr 12.02.2020¹ er:

Verdi		Del av regelverk
NOK 100 000	Verkeområde for lov og forskrift	FOA Del I
MNOK 1,3	Nasjonal terskelverdi	FOA Del II
MNOK 2,05	EØS-terskelverdi, vare- og teneste-kontraktar, kommunale oppdragsgjevarar	FOA del III
MNOK 51,5	EØS-terskelverdi, bygge- og anleggskontraktar, alle oppdragsgjevarar	FOA Del III
MNOK 7,2	EØS-terskelverdi, helse- og sosialtenester og særlege tenester	FOA Del IV FOA Del II (særlege t.)

¹ <https://www.regjeringen.no/contentassets/48242c43007d4e4c95dec5d63b2df498/nye-terskelverdier-av-12-februar-2020.pdf>

Tabell 2: Terskelverdiar i klassisk sektor 2020-2022 (Kjelde: Nærings- og fiskeridepartementet)


Estimert total verdi gjev føringar for korleis anskaffingsprosessen skal utførast:

Verdi	Prosess
Estimert total verdi under NOK 100 000	Kan kjøpast direkte frå ein leverandør, men bør vere basert på konkurranse mellom 2 eller fleire aktuelle tilbydarar. Kjøp direkte frå ein leverandør utan konkurranse skal dokumenterast skriftleg.
Estimert total verdi mellom NOK 100 000 og nasjonal terskelverdi	Konkurranse mellom minimum 3 aktuelle tilbydarar. Kunngjerast for marknaden og/eller aktuelle tilbydarar som er vurdert som relevante. Anskaffing med verdi over NOK 500 000 bør som hovudregel kunngjerast i DOFFIN (nasjonal database). Relevante vurderingar dokumenterast i samsvar med krav i lov- og regelverk.
Estimert total verdi mellom nasjonal terskelverdi og EØS terskelverdi	Kunngjering i DOFFIN (nasjonal database). Relevante vurderingar dokumenterast i samsvar med krav i lov- og regelverk.
Estimert total verdi over EØS terskelverdi	Kunngjering i DOFFIN og TED database (dvs. i EU-/EØS-marknaden)

Tabell 3: Anskaffingsprosessar for kontraktar av ulik verdi (Kjelde: Aurland kommune)

6.6.3 Anskaffingsprosessen frå identifisert behov til implementert løysing

Prosessen frå identifisert behov til implementert løysing kan framstillast på fleire måtar, t.d. som aktivitetar langs ei tidslinje eller ein sirkel der læringseffektane frå kontraktsgjennomføringa går inn i planlegginga av neste anskaffing. Uavhengig av korleis ein vel å framstille anskaffingsprosessen er det slik at regelverket for offentlege anskaffingar ikkje dekker alle delar av ei kommersielt sett vellukka anskaffing. Til dømes gjeld anskaffingsregelverket kun fram til signering av kontrakten - etter dette tek avtaleretten over. Det ligg potensiale for store vinstar i gode avklaringsprosessar før kunngjering, og tilsvarande også i god kontraktsoppfølging.



Likeins er moglegheitene for å påverke innhaldet i anskaffinga, og dermed også kostnadane, størst tidleg i behovsavklaringa, mens kostnadskonsekvensen av endringar aukar jo lengre ut i prosessen ein kjem. Desse mekanismane, kombinert med at anskaffingsregelverket avgrensar i kor stor grad ein kan gjere vesentlege endringar etter at konkurransen er lyst ut, understrekar at god planlegging og god marknadskunnskap er suksessfaktorar for gode innkjøp.

Det er utarbeidd sjekklisar for gjennomføring av anskaffingar innan dei ulike verdigrensene. Desse ligg som vedlegg til reglementet.

6.7 PROSESS FOR ANSKAFFINGAR I FORSYNINGSSEKTOREN

Regelverket for offentlege anskaffingar skil mellom klassisk sektor og forsyningssektoren. Til klassisk sektor reknar ein anskaffingar ein offentlig oppdragsgjevar gjer av varer, tenester, bygge- og anleggskontraktar og plan- og designkonkurransar, mens forsyningssektoren omfattar kontraktar innan vatn- og energiforsyning, transport og posttenester². For anskaffingar i forsyningssektoren gjeld eigne reglar og beløpsgrenser som er skildra i forsyningsforskrifta. Reglane for forsyningssektoren er gjennomgåande meir fleksible enn for klassisk sektor, og har ikkje like omfattande prosedyrereglar.

For Aurland kommune gjeld dette i hovudsak vatn- og avlaup/kommunalteknikk. Det store fleirtalet av anskaffingane kommunen gjer ligg i klassisk sektor, og derfor vert ikkje reglane for forsyningssektoren utdjupa ytterlegare.

6.8 KRAV TIL KOMPETANSE

Tilsette med ansvar for å gjennomføre anskaffingar pliktar å setje seg inn i dette reglementet og relevant lov- og regelverk som gjeld for anskaffinga. For komplekse anskaffingar og/eller anskaffingar med høg verdi eller risiko skal kommunen vurdere om kompetansen i eigen organisasjon er tilstrekkeleg for å gjennomføre anskaffinga, eller om kommunen skal be om

² <https://www.regjeringen.no/no/tema/naringsliv/konkurransopolitikk/offentlige-anskaffelser-/andre-kolonne/virkeomrade-for-forsyningsforskriften/id2598956/>

bistand frå INSS-samarbeidet. I dei høva der innkjøpssamarbeidet ikkje har relevant kompetanse bør kommunen vurdere å kjøpe bistand frå spesialistar på fagområdet.

Rådmannen skal utarbeide kompetanseutviklingsplanar for tilsette som jobbar med anskaffingar, for slik å sikre at dei har gode kunnskapar om både den kommersielle og den formelle dimensjonen ved offentlege innkjøp.

6.9 KRAV TIL BRUK AV KONKURRANSEGJENNOMFØRINGSVERKTØY (KGV)

Gode verktøy kan bidra til kvalitetssikring av arbeidsprosessar. For anskaffingar sikrar bruk av konkurransegjennomføringsverktøy dokumentasjon om prosessen slik at grunnleggjande krav til m.a. føreseielegheit og etterprøvbarheit vert oppfylte.

Konkurransegjennomføringsverktøyet er sett opp med malar og sjekklister som systematiserer beste praksis for anskaffingar. Når ein anskaffingsprosess blir avslutta i KGV skal innkjøpar skriftleg dokumentere læringspunkt frå gjennomføringa.

6.10 KRAV TIL KONTROLL AV VAREMOTTAK OG LEVERANSEKVALITET

Det skal gjennomførast høvesvis kontroll av varemottak og kontroll av leveranse kvalitet ved anskaffing av varer og tenester i samsvar med reglane for tilvising og kontroll som framgår av delegasjonsreglementet. Kontrollen skal dokumenterast i relevante fagsystem.

7 KOMMUNALE EIGARSKAP

Aurland kommune eig aksjeselskapa Aurland Eige AS, Aurland Energiverk AS og Aurland Ressursutvikling AS. Aksjeselskapa er eige rettssubjekt og er formelt sett ikkje ein del av kommunen, korkje organisatorisk, økonomisk eller kompetansemessig. Kommunen si styring av desse selskapa utøvast gjennom eigarstyring og reglane i aksjelova.

7.1 AURLAND HAMNEVESEN KF

Aurland Hamnevesen KF er ein del av kommunen si verksemd og underlagt kommunestyret. I [vedtektene](#) fastset kommunestyret verksemda føretaket skal drive. Kommunestyret fastsett dermed den ytre ramma for styret si mynde.

Kommunestyret kan gjennom vedtektene eller i andre vedtak gje bindande pålegg for føretaket. Rådmannen har i utgangspunktet ikkje instruksjonsmynde eller omgjeringsmynde overfor verksemda sitt styre eller leiing, berre oppsettande verknad slik at spørsmål/avklaring kan leggjast fram for eigar.

Styret for Aurland Hamnevesen KF har ansvaret for at [kommunale forskrifter](#) etter [havne- og farvannsloven](#) følgjas.

Aurland Hamnevesen KF følger kommunen sine budsjett- og rekneskapsreglar, med de presiseringar som følgjer i kapittel 7.1 og 7.2.

7.2 ØKONOMIFULLMAKTER

[Vedtekt for Aurland Hamnevesen KF](#) regulerer styret sitt ansvar og plikter. Det er styret i føretaket som er ansvarleg for at føretaket driv i tråd med lov- og forskrift.

Styret for føretaket er gitt fullmakt til å disponere vedtatt årsbudsjett og kan inngå nødvendige avtaler eller kontraktar innanfor ramma av kommunestyrets vedtak.

Styret i føretaket skal vedta og kontrollere at dagleg leiar følgjer føretakets regler og retningslinjer.

Endringar av disponeringane må skje med finansiell dekning innan kommunestyrets budsjettvedtak for årsbudsjettet det enkelte år. Alle budsjettjusteringar skal medelast rådmannen fortløpande og seinast innan ei veke etter at vedtaket er fatta.

Styret har ansvar for den økonomiske utviklinga i løpet av året, og for å iverksette nødvendige tiltak for å hindre meirforbruk i forhold til tildelt budsjettamme.

Styret skal ved vesentlege negative avvik i forhold til vedtatt budsjett, snarast mogleg varsle rådmann og kommunestyret. Som hovudregel skal varsling skje som ledd i tertialrapporteringa.

7.3 KRAV TIL ØKONOMIPLAN, ÅRSBUDSJETT, REKNESKAP OG RAPPORTERING

Kommunestyret vedtar føretakets økonomiplan, årsbudsjett og rekneskap etter forslag frå styret. Styret kan foreta endringar i budsjettet (både drift- og investeringsbudsjettet) innanfor kommunestyrets vedtekte rammer. Styret fastsett kor detaljert driftsbudsjettet skal vere.

Med unntak av øymerka midlar skal det ikkje leggjast opp fond frå drifta, ubrukte midlar skal nyttast i påfølgande års budsjett.

Meir- eller mindreforbruk i budsjettåret skal enten dekast inn eller disponerast året etter regnskapsåret, slik det følgjer av [kommunelova §14-12](#).

Investeringane skal spesifiserast per formål/investeringsobjekt og finansiering skal visast. Kommunestyret kan vedta ei kostnadsramme for eit enkeltprosjekt eller som ein sum for ei gruppe av enkeltprosjekt. Endringar i kostnader knytt til investeringane kan ikkje gjennomførast utan fullfinansiering i årsbudsjettet.

Det er kommunestyret som vedtar låneopptak.

For 1. og 2. tertial i året skal det utarbeidast ein rapport som beskriv den økonomiske utviklinga samt utviklinga i investeringsaktivitet og i tenesteproduksjon i forhold til budsjett- og aktivitetsplanar, samt sjukefråvær og HMS-arbeid. Eininga har plikt til å levere informasjon i samsvar med det opplegg rådmannen har for utforming av kommunens tertialrapportar til kommunestyret.

Kommunestyret presiserer at utover krav til særbudsjett, særrekneskap og årsberetning som følgjer av lov, forskrifter og standardar frå GKRS, skal Aurland Hamnevesen følgje Aurland kommune sine reglar og retningslinjer for innhald, form og fristar slik desse framkommer i økonomireglementet.

Drøftingssak - evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid midtvegs i valperioden

Saka blir lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak. Det er ytra ynskje frå fleire partar at kontrollutvalet gjer ei evaluering av sitt arbeid og utvalet sitt samarbeid med administrasjonen, kommunestyret, sekretariatet og revisjonen. Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak. Sentrale synspunkt til kontrollutvalet vil bli notert og nytta vidare i arbeidet.

Kontrollutvalet si eigenevaluering:

- Møtelengde
- Fungerer møteleiinga, får alle sagt si meining?
- Nyttar kontrollutvalet si tid og ressursar på de viktigaste tinga, og er utvalet tydeleg nok i sine bestillingar?
- Har utvalet bidrege til å skapa tillit hjå innbygarane til at den kommunale forvaltninga foregår korrekt og i samsvar med politiske vedtak?
- Har kontrollutvalet vore eit synleg organ som har våga å stille spørsmål ved korleis den kommunale verksemda blir drive?

Forholdet til administrasjonen:

- Korleis har kommunikasjonen og informasjonsflyten mellom kontrollutvalet og administrasjonen fungert?

Forholdet til kommunestyret:

- Korleis har kommunikasjonen og informasjonsflyten mellom kontrollutvalet og kommunestyret fungert?

Samarbeidet med sekretariatet:

- Har samarbeidet med sekretariatet fungert slik kontrollutvalet ynskjer?
- Er møta tilstrekkelig tilrettelagt fra sekretær si side?
- Er sakene godt nok opplyst og enkle å forstå?
- Er sekretariatets oppdrag utført og rapportert i samsvar med kontrollutvalgets forventningar?
- Har sekretariatet klart å stimulera kontrollutvalget i sin aktivitet?

Samarbeidet med revisjonen:

- Har samarbeidet med revisjonen fungert slik kontrollutvalget ønsker?
- Er revisjonen sitt oppdrag utført og rapportert i samsvar med kontrollutvalet sine forventningar



Kontrollutvalgsleder-skolen 18.-19 oktober 2021

X Meeting Point

Moxy Oslo, Norges første Marriott-hotell

Program 18. oktober

15.30-16.30	Registrering
16.30-18.45 inkl. pause	Varsling i kommuner <ul style="list-style-type: none"> • Hva er varsling etter Arbeidsmiljøloven? • Hva er kritikkverdige forhold? • Hvem kan varsle? • Hva vet vi om varsling i kommunene? • Hva er rett håndtering av et varsel? • Bør kontrollutvalget ha en rolle i varslingssaker? <p>Birthe M Eriksen, Advokat, ph.d., ADI Advokater AS</p>
19.30	Middag

Program 19. oktober

09.00-10.00	Henvendelser til kontrollutvalget <ul style="list-style-type: none"> • Hva kan dette dreie seg om? • Fra hvem kommer henvendelsene? • Hva skal kontrollutvalget ikke ta videre? (politikk, varslinger og klagesaker) • Hvordan håndterer sekretariatet kontrollutvalget henvendelser? • Hva er egnede verktøy fra kontrollutvalgets verktøykasse? <p>Intern arbeidsgruppe</p>
10.00-10.15	Pause



10.15-12.00 Inkl. pause	Mer om granskning som verktøy <ul style="list-style-type: none">• Hvordan skal vi bruke begrepet «granskning»?• Når bør og kan kontrollutvalget bruke granskning?• Granskning eller forvaltningsrevisjon?• Hva kjennetegner formelle granskningsmetoder og hvordan er grenseoppgangen mot etterforskning?• Hva kan granskes i regi av kontrollutvalget, og når er det sak for påtalemyndighet?• Hva kjennetegner en god bestilling av granskning? <p>Marius Fein, Senior Manager BDO AS</p>
12.00-13.00	Lunsj
13.00-14.30 inkl. pause	Gruppearbeid <p>Deltakerne inndeles i grupper og diskuterer anonymiserte saker fra egen kommune.</p> <ul style="list-style-type: none">• Hva dreier saken seg om og hvem kommer den fra?• Hvordan ble saken håndtert av kontrollutvalget?• Hvordan kan henvendelsen håndteres av kontrollutvalget? <p>Vi utnevner gruppeledere som sørger for å holde diskusjonen i gang. Her er det ikke meningen å finne fasitsvar, men gi og motta innspill, gjøre seg refleksjoner osv.</p>
14.30-15.15	Når det varsles mot kommunedirektøren <p>Det er en krevende jobb å være toppleder i en kommune. Når det varsles mot kommunedirektøren, blir denne jobben ekstra vanskelig.</p> <ul style="list-style-type: none">• Hva er omfanget av varsling mot kommunedirektøren?• Hvordan bør kommunen håndtere varsling mot kommunedirektøren?• Har kontrollutvalget en rolle når det varsles mot kommunedirektøren? Hvordan bør grenseoppgangen være mellom kontrollutvalget, kommunedirektøren og kommunestyret?• Hva er konsekvensene når det varsles mot kommunedirektøren? <p>Gudrun Haabeth Grindaker, daglig leder i Norsk Rådmannsforum</p>
Ca. 15.15	Avslutning



Praktisk informasjon							
Tidspunkt	18. – 19. oktober 2021 Dag 1 kl. 16.30-18.45 (registrering fra kl. 15.30) Dag 2 kl. 09.00-15.30						
Hotell	X Meeting Point Ankomst Fra Gardermoen: Ta buss 380 mot Lillestrøm. Gå av på busstoppet som heter Hellerud. Bussen går to ganger i timen og bruker 43 minutter. På «RuterReise»-appen kan du søke opp rutetider. Søk på ankomstholdeplass «Hellerud (i Skedsmo)».						
Digitalt	Lenker sendes til de som melder seg på digitalt Gruppearbeid på Teams for digitale deltakere						
Deltakeravgift	<table><tbody><tr><td>X Meeting Point</td><td>Digitalt:</td></tr><tr><td>Medlemmer: kr 5 900</td><td>Medlemmer: kr 1 900</td></tr><tr><td>Andre: kr 6 400</td><td>Andre: kr 2 400</td></tr></tbody></table>	X Meeting Point	Digitalt:	Medlemmer: kr 5 900	Medlemmer: kr 1 900	Andre: kr 6 400	Andre: kr 2 400
X Meeting Point	Digitalt:						
Medlemmer: kr 5 900	Medlemmer: kr 1 900						
Andre: kr 6 400	Andre: kr 2 400						
Påmelding	For å få gjennomført det faglige opplegget på en best mulig pedagogisk måte, har vi satt et tak på antall deltakere ca. 50 personer. Kontrollutvalgsmedlemmer kan melde seg på, men lederne vil bli prioritert. Vi holder av noen plasser til sekretariat. Frist for påmelding fysisk arrangement: 24. september Digitalt – løpende fram til 17. oktober						
Ev. avbud	Avbud fysisk konferanse siste 14 dager før konferansen gir full deltakeravgift.						
Annet	Det tas forbehold om endringer i programmet. Timeplanen er veiledende.						

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 17/2021 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2022

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	14.09.2021	17/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Sekretariatet gir følgjande framlegg om budsjett 2022 for kontrollutvalet i Aurland kommune:

Område	2022
Kontrollutvalet	94 600
Sekretariatet	189 500
Finansiell revisjon	200 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	300 000
Kjøp av eigarskapskontroll	0
TOTALT	784 100

Budsjettet vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

BAKGRUNN

Aktuelle lover og forskrifter:

Kommunelova
Forskrift om kontrollutval
Forskrift om revisjon
Anbudsdokument KPMG
Avtale om sekretariat med PricewaterhouseCoopers AS

Vedlagte tabell viser (for samanlikningsføremål) framlegg til budsjett frå kontrollutvalet for 2021, samt det endelege vedtaket i kommunestyret for 2021.

Område	Budsjett 2021	
	Framlegg frå kontrollutvalet	Vedtak i kommunestyret
Kontrollutvalet	91 900	94 600
Sekretariatet	184 900	185 000
Finansiell revisjon	200 000	200 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	250 000	
Totalt kontroll og tilsyn	726 800	476 000

SAKSUTGREIING

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Dette budsjettforslaget skal følge innstillinga til årsbudsjettet etter kommunelova § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.

Budsjettet er delt i 5 delar:

1. Kontrollutvalet
2. Sekretariatet
3. Finansiell revisjon
4. Kjøp av forvaltningsrevisjon
5. Kjøp av eigarskapskontroll

1. Kontrollutval

I forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 står det at kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Budsjettet skal dekke godtgjersle for leiar og medlemmar av kontrollutvalet, tapt arbeidsforteneste for medlemmane, deltaking på relevante kurs/seminar og eventuelle andre administrative kostnader.

Budsjettposten for drift av kontrollutvalet 2021 er på totalt kr 91 900.

Budsjettpost	Totalt
Fast godtgjersle KU-leiar (avrunda, lønsvekst 2,5%)	15 400
Møtegodtgjersle kontrollutvals-medlemmar (avrunda, lønsvekst 2,5%), kr 9 500 per medlem (4), 700 per vara (3 møter)	40 100
Tapt arbeidsforteneste	5 000
Deltaking på kurs og konferansar	20 000
Arbeidsgjevaravgift	6 400
Møtemat	4 000
Kilometergodtgjersle	1 200
Kontingentar	2 500
SUM	94 600

2. Sekretariat

Det er avtale om fast pris vedkomande sekretariatsfunksjonen med PricewaterhouseCoopers AS. Aurland kommune forlenga denne avtalen for to år frå 01.06.2021. Etter avtalen er prisen i 2021 på kr 183 964. Frå og med 1.1.2022 skal prisen justerast med endring i konsumprisindeksen for 2021. I budsjettframlegget vert det lagt til grunn at ein får ei endring i konsumprisindeksen i denne perioden på om lag 3%.

Budsjettposten for sekretariatet vert då sett til kr 189 500.

3. Finansiell revisjon

Aurland kommune gjennomførte anbud på revisjon i 2020 og KPMG held fram som revisor. Honoraret er basert på fastpris for rekneskapsrevisjon og timepris på andre oppdrag. Anslag på samla honorar for 2022 er kr 200 000 + mva.

4. Kjøp av forvaltningsrevisjon

Kommunestyret handsama 18. juni 2020 plan for forvaltningsrevisjon fram til 2023, basert på framlegg frå kontrollutvalet. Sekretariatet rår utvalet til å budsjettere med kr 300.000 + mva til kjøp av forvaltningsrevisjon i 2022.

5. Kjøp av eigarskapskontroll

Kommunestyret vedtok 18. juni 2020 ny plan for gjennomføring av eigarskapskontroll fram til 2023, basert på framlegg frå kontrollutvalet. Sekretariatet rår utvalet til å budsjettere med kr 0 til gjennomføring av ein selskapskontroll i 2022. Bakgrunnen for dette er at det er gjennomført eigarskapskontroll av Aurland Eige AS i 2021 og av SIMAS IKS i 2020. Det er ikkje identifisert område med umiddelbare behov for eigarskapskontroll ut over det som er gjennomført dei to siste åra.

Samla budsjett forslag

Det samla budsjettforslaget for kontrollutvalet 2022 vert på bakgrunn av saksutgreiinga kr 726 800.